



Sjøfuglteljingar i Sogn og Fjordane i 2005

Hekkefuglteljingar i sjøfuglreservata






FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Fylkesmannen er Regjeringa og staten sin fremste representant i fylket, og har ansvar for at Stortinget og Regjeringa sine vedtak, mål og retningslinjer vert følgde opp. Fylkesmannen skal fremje fylket sine interesser, ta initiativ både lokalt og overfor sentrale styringsorgan.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har oppgåver innan landbruk og bygdeutvikling, miljøvern, på sosialsektoren, overfor kommunane og innan sivil beredskap. Vi er om lag 100 tilsette, og er organisert slik:



HER FINN DU OSS:

Statens hus, Njøsavegen 2, Leikanger
Telefon 57 65 50 00 – Telefaks 57 65 50 55
Postadresse: Njøsavegen2, 6863 Leikanger

Landbruksavdelinga:

Hafstadgården, Hafstadvegen 48, Førde
Telefon: 57 72 32 00 – Telefaks 57 82 12 05
Postadresse: Postboks 14, 6801 Førde

E-post: post@fmsf.no

Internett: <http://www.fylkesmann.no/sfj/>
www.miljostatus.no/sognogfjordane/

Framsidedfoto: Lundefuglar. Foto Tore Larsen

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Rapport nr. 11-2005

Forfatter Tore Larsen	Dato November 2005
Prosjektansvarleg	Sidetal 47
Tittel Sjøfuglteljingar i Sogn og Fjordane i 2005 Hekkefuglteljingar i sjøfuglreservata	<i>ISBN 82-91031-81-9</i> <i>ISSN 0803-1886</i>
Geografisk område Sogn og Fjordane, kystkommunane	Fagområde Naturvern, zoologi, sjøfugl
Finansiering Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	
Samandrag Samanbrotet i hekkebestandane av nesten alle sjøfuglartar i Sogn og Fjordane i 2004 blei stadfesta ved teljingane i 2005, sjølv om situasjonen ser ut til å vere litt betre i år. I Einevarden, det største fuglefjellet i fylket, talte vi opp over 3000 lunde, og like mange alke og lomvi som ved teljinga i 1994. Det ekstremt dårlege resultatet frå førre teljing i 2003 skuldast nok i stor grad eit for seint teljetidspunkt, men det har likevel skjedd ein langsiktig nedgong i hekkebestandane både av lunde (5000 <u>par</u> i 1994), krykkje (2100 reir i 1994, 20 i år) og havhest. Situasjonen er nokolunde den same i dei andre fuglefjella. Fuglefjellsartane er likevel i stor grad små utkantpopulasjonar i Sogn og Fjordane, og ein må rekne med til dels sterke svingingar i bestandane frå år til år. Meir oppsiktsvekkande var den bortimot totale hekkesvikten for gråmåse i fjor. Det er fleire hekkande gråmåsar i fylket i år, men likevel så få at hekkebestanden er heilt marginal. Hovudkolonien i Hovdefjell, som i 2000 var den største i Sør-Norge med 1500 par, stod tom også i år. Teljingane viser ei svak betring også for svartbak, fiskemåse og sildemåse i høve til i fjor, men framleis er hekkebestanden både av sildemåse og fiskemåse på under 100 par i dei 38 reservata som blei talt opp i år, og dei samla bestandane i heile fylket er neppe særleg høgare, i alle fall på kysten. Fiskemåsen har vore inne i ei negativ utvikling i lengre tid enn dei andre måsane. Situasjonen i innlandet kan vere betre, men det er få kjende førekomstar av nemneverdig storleik. Fråveret av hekkande turner har etter kvart blitt det normale i fylket. I fjor blei det gjort eit par hekkforsøk, men i år blei det ikkje funne ei einaste hekkande terne. Rett nok undersøkte vi heller ikkje i år fjordane, men vi var innom fleire reservat i indre skjergard utan hell. Teisten har hatt ei jamn utbreiing i fylket, med gode bestandar særleg midt på 80-talet. Arten har dei siste åra blitt langt meir fåtallig, på same måte som i t.d. Hordaland. Det er difor positivt å sjå ei viss betring i år i høve til fjoråret, m.a. i Solund. Men framleis finn vi halve fylkesbestanden i dei to naboreservata Moldvær og Ryggsteinen i Askvoll. Toppskarven har også gjort det betre i år enn i fjor. Hekkebestanden i Moldvær har auka, og generelt var det mange store kull og tilsynelatande god overleving av ungane. Bestanden er likevel berre noko over halvparten av det den var i 1995. I Solund er situasjonen framleis dårlegare enn elles i fylket, med mindre enn ein tredel av hekkebestanden i 1995. Situasjonen for ærfuglen er usikker. Flokkane som førebur seg på myting i dei ytre kyststroka er framleis store, men hekkebestanden kan ikkje vere av særleg omfang. Ingen ungekull blei sett i år – eit enda dårlegare resultat enn i fjor – men noko av hekkesvikten kan nok forklarast med næringsmangel for svartbak og gråmåse, og påfølgjande predasjon av ærfuglegg og –ungar. Grågåsa har begynt å gjere seg sterkt gjeldande i skjergarden i fylket. Talet på gjæser ser ut til å vere om lag det same som ved dei seinaste registreringane – men samanliknar vi med 80- og 90-talet har gåsebestanden auka betrakteleg. Årsaka til den dårlege hekkesesongen i år er nok den same som i fjor, og no som da må vi konkludere med at ein så omfattande hekkesvikt over store område berre kan skuldast næringssvikt. Denne forklaringa passar med samanbrotet i bestandane av ”industritrålfisk” i Nordsjøen, og da særleg sil (tobis). Fisket etter sil blei stoppa i sommar, som følgje av bestandskollaps. Det er likevel ikkje umogleg at andre faktorar har vore med og forma utviklinga lokalt i Sogn og Fjordane, som til dømes taretråling og forstyrning på hekkeklassane.	
Emneord 1. Sjøfuglar 2. Naturvern 3. Sjøfuglreservat 4. Sogn og Fjordane 5. Fiskeri	Ansvarleg Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Føreord

28.5.1993 blei det oppretta 57 sjøfuglreservat i Sogn og Fjordane. Det blei gjort ei omfattande kartlegging av sjøfuglområda i Sogn og Fjordane før dette (Godø 1983, 1984, 1991), og i etterkant av fredinga har det også blitt gjennomført teljingar i reservata (Godø 1995, 2000). Det har vore eit ønskemål å få oppdatert kunnskapen om sjøfuglane i fylket ut over dette, særleg med bakgrunn i at den siste teljinga (2000) var avgrensa til reservat i den midtre og indre delen av skjergarden, og heller ikkje omfatta alle kystkommunane i fylket. Arbeidet med ein forvaltingsplan for tare blei også framskunda i 2001/02, med fokus på i kva område taretråling skal vere tillate og i kva område slik aktivitet ikkje bør skje. Sjøfuglane og sjøfuglreservata kom sterkt i fokus under dette arbeidet, som enno ikkje er sluttført. Det kom mellom anna klart fram at ein ikkje hadde god nok kunnskap om bestands-situasjonen i dei viktige sjøfuglreservata i den ytre skjergarden.

Stortingsmelding nr. 43 (1998-99) *Vern og bruk i kystsonen* seier at i naturreservat der hovudføremålet er å verne hekkelokaltetar for sjøfugl bør taretråling kunne tillatast, men det blir samtidig understreka at i hekkeområde for skarv og teist og i fjørfellingsområde "bør ein av føre-var grunnar vere spesielt varsam med å gi løyve til taretråling av omsyn til effektar tråling kan ha på slike verneverdiar." Ein viktig premiss for undersøkingane som no er gjort var derfor å få oversyn over i kva reservat skarv og teist hekka, og kva område som skil seg ut som særleg viktige for desse artane.

På bakgrunn av dette har registreringane dei siste åra (2003, 2004 og 2005) skjedd med ein klar fokus på sjøfuglreservat i midtre og ytre del av skjergarden i Sogn og Fjordane. I 2003 blei 7 reservat i dei Selje, Vågsøy og Bremanger talte opp, og i 2004 blei 27 reservat frå Bremanger og sørover undersøkte. I år er det gjennomført teljingar i 36 av dei 57 sjøfuglreservata i fylket. Av omsyn til ressurstilgangen har reservata i indre del av skjergarden ikkje blitt prioritert. Sjølv om teljingane har hatt eit klart hovudfokus på skarv og teist, har teljarane registrert alle artar av sjøfuglar.

Teljingane i fjor viste at sjøfuglane i Sogn og Fjordane berre i liten grad gjekk til hekking, og at dei få som prøvde neppe fekk mange ungar på vengene. Situasjonen var med andre ord den same som for sjøfuglar elles rundt Nordsjøen i 2004, med bortimot null ungeproduksjon. Dei første lokale meldingane om tilsynelatande hekkesvikt kom på forsommaren 2003, og gjaldt særleg sjøfuglane på Einevarden. Teljingane det året hadde fokus på den nordlegaste delen av fylket, og stadfesta i stor grad at tilhøva for sjøfuglane ikkje var dei beste. Likevel kom det store omfanget av hekkesvikten som ei overrasking i 2004. I år prøvde vi derfor å dekke ein så stor del av fylket som mogleg, men måtte prioritere vekk sjøfuglreservata i fjordane og dei som elles ligg langt frå kjerneområda på kysten.

Leikanger, 4.11.05

Tore Larsen
Miljøvernabdelinga,
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Innhald

Samandrag	6
Metodikk	7
Status for sjøfuglreservata	9
Utvikling i hekkebestandane for utvalde artar	35
Artsvis vurdering	39
Diskusjon	46
Moglege årsaker til hekkesvikten i sjøfuglbestandane	46
Tiltak	48
Litteratur	49
Vedlegg	50

Samandrag

Samanbrotet i hekkebestandane av nesten alle sjøfuglartar i Sogn og Fjordane i 2004 blei stadfesta ved teljingane i 2005, sjølv om situasjonen ser ut til å vere litt betre i år.

I Einevarden i Vågsøy, det største fuglefjellet i fylket, hekka truleg verken **havhest**, **krykkje**, **alke**, **lomvi** eller **lunde** da førre teljing blei gjort i 2003. I år talte vi opp over 3000 lunde, og like mange alke og lomvi som ved teljinga i 1994. Men sjølv om det er sannsynleg at det seine teljetidspunktet i 2003 har gitt eit for negativt inntrykk, har det nok likevel skjedd ein nedgong i hekkebestandane både av lunde (5000 par i 1994), krykkje (2100 reir i 1994, 20 i år) og havhest. Situasjonen er nokolunde den same i dei andre fuglefjella. Utvær i Solund hadde bestandar av desse artane tidlegare, men dei blei heller ikkje i år funne hekkande.

Fuglefjellsartane er likevel i stor grad små utkantpopulasjonar i Sogn og Fjordane, og ein må derfor rekne med til dels sterke svingingar i bestandane frå år til år. Meir oppsiktsvekkande var den bortimot totale hekkesvikten for **gråmåse** i fjor. Det er fleire hekkande gråmåsar i fylket i år, men likevel så få at hekkebestanden er heilt marginal. Hovudkolonien i Hovdefjell, som i 2000 var den største i Sør-Norge med 1500 par, stod tom også i år. Teljingane viser også ei svak betring for **svartbak**, **fiskemåse** og **sildemåse** i høve til i fjor, men framleis er hekkebestanden både av sildemåse og fiskemåse på under 100 par i dei 38 reservata som blei talt opp i år, og dei samla bestandane i heile fylket er neppe særleg høgare, i alle fall på kysten. Fiskemåsen ser ut til å ha vore inne i ei negativ utvikling i lengre tid enn dei andre måsane. Situasjonen for fiskemåse i innlandet kan vere betre, men det er få kjende førekomstar av nemneverdig storleik.

Fråveret av hekkande **terner** har etter kvart blitt det normale i fylket, da bestandane var i ferd med å gå ut allereie på midten av 1990-talet. I fjor blei det gjort eit par hekkesforsøk, mens vi i år ikkje fann ei einaste hekkande terne i reservata. Rett nok undersøkte vi heller ikkje i år fjordane, men vi var innom fleire reservat i indre skjergard utan hell. Dessverre stemmer inntrykket over eins med situasjonen i nabofylka.

Teisten har hatt ei jamn utbreiing i fylket, med gode bestandar særleg midt på 80-talet. Arten har dei siste tiåra blitt langt meir fåtallig, på same måte som i t.d. Hordaland. Det er difor positivt å sjå ei viss betring i år i høve til fjoråret, m.a. i Solund. Men framleis finn vi halve fylkesbestanden i dei to naboreservata Moldvær og Ryggsteinen i Askvoll.

Toppskarven har også gjort det betre i år enn i fjor. Hekkebestanden i Moldvær har auka, og generelt var det mange store kull og tilsynelatande god overleving av ungane. Bestanden er likevel berre noko over halvparten av det den var i 1995. I Solund er situasjonen framleis dårlegare enn elles i fylket, med mindre enn ein tredel av hekkebestanden i 1995.

Situasjonen for **ærfuglen** er usikker. Flokkane som samlar seg for å myte i dei ytre kyststroka er framleis store, men lokale hekkebestandar kan ikkje vere av særleg omfang. Ingen ungekull blei sett i år – eit enda dårlegare resultat enn i fjor – men noko av hekkesvikten kan nok forklarast med næringsmangel for svartbak og gråmåse, og påfølgande predasjon av ærfuglegg og –ungar.

Grågåsa er knapt ein sjøfugl, men har likevel begynt å gjere seg sterkt gjeldande i skjergarden i fylket. Talet på gjæser ser ut til å vere om lag det same som ved dei seinaste registreringane – men samanliknar vi med 80- og 90-talet har gåsebestanden auka betrakteleg.

Årsaka til den dårlege hekkesesongen i år er nok den same som i fjor, og no som da må vi konkludere med at ein så omfattande hekkesvikt over store område berre kan skuldast næringssvikt. Denne forklaringa passar med samanbrotet i bestandane av ”industritrålfisk” i Nordsjøen, og da særleg sil (tobis). Fisket etter sil blei stoppa i sommar, som følgje av bestandskollaps. Det er likevel ikkje umogleg at andre faktorar kan ha vore med og forma utviklinga i Sogn og Fjordane lokalt, som til dømes taretråling og forstyrring på hekkplassane.

Metodikk

Sjøfuglreservata blei i 2005 talt opp av Anders Voss Thingnes og Tore Larsen frå Fylkesmannen si miljøvernavdeling, og Tore Gundersen frå Statens Naturoppsyn. Sjøfuglreservata nord for Vågsøy blei ikkje talt opp i 2005, men er likevel tatt med i rapporten for oversikta sin del. I tillegg til sjøfuglreservata blei eitt våtmarksreservat (Sakrisøy) talt opp i år.

Teljingane blei i utgangspunktet gjort frå båt. Ilandstiging og reirteljing er tidkrevjande arbeid, og for å få talt opp reservata på nokolunde same stadium i hekketida er det nødvendig å avgrense tidsbruken. Ilandstiging er derfor først og fremst gjort der teljing frå båt erfaringsmessig ikkje gir eit godt resultat. I Sogn og Fjordane gjeld dette særleg for artane toppskarv og teist, som hekker skjult i bergsprekker og ur. Vidare er det nødvendig å gå i land på enkelte store, flate øyer for å få oversikt.



Statens Naturoppsyn sin båt blei nytta under teljingane. Båten er svært anvendeleg og gjer det mogleg å kome seg i land relativt lett der teljing frå dekk ikkje er tilstrekkeleg. Biletet er frå Ryggsteinen.

Dei fleste småøyer, holmar og skjer lar seg likevel telje opp med små feilmargar når observasjonane blir gjort frå småbåtar som kan ta seg inn over grunnene og sjekke koloniane frå alle kantar. Dette inntrykket blei stadfesta ved kontrollsjekk gjennom ilandstiging på utvalde lokalitetar. Der det blei gjort ilandstiging, er dette særskilt nemnt i omtalen av reservata i neste kapittel.

Målet med teljingane er å få data om hekkebestandane i sjøfuglreservata. Med 57 sjøfuglreservat spreidde over heile fylket er det vanskeleg å kome over alle på tilfredsstillande vis, og derfor sløyfa vi dei reservata som ligg isolerte og uhøveleg langt unna alle andre (i praksis inne i fjordane). For å få eit best mogleg inntrykk av dei reelle hekkebestandane bør teljingane dessutan gjennomførast ikkje altfor seint i rugetida, og dette avgrensar det tilgjengelege "tidsvindauget" såpass mye at det berre er mogleg å gjere ei teljing i kvart reservat. Det ideelle tidspunktet for teljingar i Sogn og Fjordane er antakeleg mellom 10. juni og St. Hans.

Under teljingane står ein observatør på kvar side av båten for å få best mogleg oversyn (observasjonshøgde ca. 3 meter). Begge observerer, og den eine noterer observasjonane på kart mens båten går for sakte fart gjennom reservatet. Kvar holme blir runda ein gong, evt. rundar ein grupper av holmar og skjer dersom farvatnet er svært grunt. Alle artar blir talt opp, med unntak av små sporvefuglar, og følgjande blir notert:

Alle artar:	Tal individ
	Tal rugande individ eller reir
Ærfugl:	Tal hanner og hoer
	Talet på ungekull, og tal ungar i kvart kull
Grågås:	Talet på ungekull, og tal ungar i kvart kull
Toppskarv:	Tal ungfuglar

Observatørane noterer det dei konkret ser, slik at eventuelle tolkingar/vurderingar kjem i tillegg til dei reelle tala. I ettertid blir det gjort eit estimat av talet på hekkande par, vurdert m.a. ut frå åtferda til fuglane. I teksten viser omgrepet "hekkebestand" til den delen av ein populasjon som faktisk går til hekking, og omfattar såleis ikkje ungfuglar eller andre individ som ikkje hekkar, men som likevel kan opphalde seg i området.

Ved ilandstiging blir alle reir av året noterte, og om dei er tome eller har innhald (egg/ungar). På grunn av dei små og sårbare hekkebestandane dei siste åra, og nærvære av (truleg) svoltne svartbak og gråmåse, avgrensa vi tida på land ved så langt som mogleg å halde oss i rørsle og unngå lengre opphald i nærleiken av reir. Reirleitinga blei avgrensa til toppskarv, vi leita t.d. ikkje aktivt etter måsereir der teljing av måsar kunne gjerast frå båt. Det blei ikkje drive ringmerking under teljingane.

Ved ilandstiging på større hekkeplassar for teist viste det seg at teistane flokka seg på vatnet og låg stille mens dei tilsynelatande avventa situasjonen, slik at arten kunne teljast utan å måtte drive aktiv reirleiting.

Med berre ei teljing i kvart reservat er metoden svak når det gjeld artar i fuglefjell (særleg alkefuglar), der ein helst bør ha fleire teljingar gjennom rugetida for å få rimeleg sikre overslag av hekkebestanden. Tid og ressursar tillet dessverre berre ein omgang med teljing i reservata. Det er dermed heller ikkje mogleg å vurdere hekkesuksess (talet på flygedyktige ungar i høve til talet på par som går til hekking) i detalj, da dette krev relativt tett oppfølging av koloniane med fleire besøk utover hekkesesongen.

Metodane som er beskrivne her ligg truleg nær opp mot dei som blei brukt av Godø i 1994, 1995 og 2000, sjølv om metodikken ikkje er skildra i detalj i rapportane (Godø 1995, 2000). Ved teljingane i 1983 og 1984 blei det gjort ilandstiging i fleirtalet av reservata der dette var mogleg, men elles ser teljingane ut til å ha blitt gjennomført på same måte også da. (Godø 1983, 1984).




Teljing av toppskarvreir på Ryggsteinen. Biletet viser fem reir, to av dei med fire egg. Store kull tydar på at skarven har funne tilhøva gode, i alle fall i starten av hekkesesongen.

Status for sjøfuglreservata

Dei undersøkte reservata blir i det følgjande gitt ei kort omtale, inkludert påvist hekkande sjøfuglartar. Resultat frå tidlegare registreringar er tatt med for å gi eit inntrykk av utviklinga i hekkebestandane, fortrinnsvis dei siste 10 åra. Alle tal viser til individ, dersom ikkje anna er nemnt.

Kartet viser dei undersøkte sjøfuglreservata markerte med mørk raud farge. Område som ikkje blei sjekka i år, men som blei undersøkte i 2004 eller 2003 er merka med høvesvis raud sirkel og rosa firkant. Sjøfuglreservata og ein del marine våtmarksreservat er merka med grønt, men nokre vil vere for små til å synast på kartet.



Høgfjellet

Eit lite fuglefjell ytst på Stad. Påvist hekkande artar er havhest, toppskarv, krykkje, gråmåse og svartbak. **Ikkje sjekka i 2005.**

- 3.6.94 blei det registrert 3-4 par havhest, og nokre få par toppskarv og teist.
- 1.6.00 blei det under dårlege vêrforhold sett om lag 15 havhest (ind.) i området, og om lag 25 par av toppskarv, 1 storjo, og ca. 500 hannar av ærfugl.
- 13.7.03 blei det registrert 5 toppskarvreir, og 1 teist på sjøen. Nord for reservatet blei det ved Storebogen talt 3 toppskarvreir og 10 teist på sjøen, og på Buholmen 20 toppskarv på hekkeplass, 40 gråmåse/svartbak, 10 teist på sjøen og 20 ærfugl.

Kommentar: I perioden 1978-82 hekka krykkje med 100-150 par, men det er ikkje påvist hekking ved seinare teljingar. Nokre få par kan det kanskje framleis vere snakk om; desse kan ha blitt oversett pga. dårlege vêrtilhøve under seinare registreringar. Andre måsar har berre hekka i nokre få par år om anna. Det er elles verd å notere at havhest ikkje blei observert i 2003.

Flatholmen

Ein flat holme med fin gras-/strandeng, med sauebeite. Tradisjonell hekkelokalitet for måsefuglar og viktig trekklokalitet for grågås (beite). Av påvist hekkande artar kan nemnast ærfugl, tjeld, steinvendar, sildemåse, gråmåse, svartbak, raudnebbterne, myrsnipe, vipe og småspove. **Ikkje sjekka i 2005.**

- 4.6.94 blei hekkebestanden av gråmåse vurdert til 75 par, svartbak 90 par, og sildemåse 50 par. Dessutan 6 par tjeld, 3 par grågås og 75 ærfugl (ind., derav fleire hoer med dunungar).
- 1.6.00 vart det registrert ca. 50 par av sildemåse, 100 par gråmåse, ca. 100 par svartbak, 25 par fiskemåse, 30 ærfugl (ind.), av desse 14 hoer med ungar, dessutan m.a. 15 grågås (mogleg hekking) og 3 par tjeld.
- 13.7.03 blei det talt opp 3 toppskarv (kvileplass), 43 grågås (+ 6 ungar), 133 kanadagås (1 truleg rugande), 21 ærfuglar (2 hannar) + 1 unge, 6 tjeld, 82 svartbak, 80 gråmåse, 2 sildemåse, 11 fiskemåse, 2 krykkje (ungfuglar) og 4 skjerpiplerke. På strekinga Flatholmen-Flatraket blei 50 ærfugl og 5 sjørre talt opp på sjøen.

Kommentar: Raudnebbterne blei registrert med 5 par i 1984. Arten har ikkje blitt registrert ved seinare teljingar.

Sildekruna

Ein holme/halvøy nord på øya Silda, med rik flora. Spesielt viktig som hekkelokalitet for gråmåse (ein av dei største koloniane i fylket), men også for fleire andre kyst- og sjøfuglartar. Av påvist hekkande artar kan nemnast ærfugl, gravand, tjeld, fiskemåse, sildemåse, gråmåse, svartbak, makrellterne, raudnebbterne, teist, vipe og småspove. I 1990-åra var det eit aukande problem med attgroing av lauvtre. Mye av krattskogen blei rydda i 1999, men det er framleis sterk tilvekst av lauvtre frå rotskot. **Ikkje sjekka i 2005.**

- 3. og 14.6.94 blei det talt opp om lag 350 par gråmåse på sjølve Sildekruna, i tillegg til 4-500 par på NV-sida av Silda. Elles om lag 75 par svartbak, 15 par tjeld, 3 par sandlo, 1 par myrsnipe, 4 par storspove og 25 ærfuglhoer, fleire med dunungar.
- 1. og 14.6.00 blei det talt opp om lag 400 par gråmåse på Sildekruna, i tillegg til 300 par på nordre Silda. Svartbak ca. 50 par. Av andre artar blei det observert 7 toppskarv (ind.), opptil 6 par grågås (av desse var det sannsynleg hekking av minst 3 par), 28 kanadagås (ind.), ærfugl ca. 450 (mest hannar) og 27 hoer med årsungar, tjeld 6 par, siland 2 par, myrsnipe 1 par, raudstilk 2 par, strandsnipe 1 par, storspove 1 par (hekking), tjuvjo 1 par og 5 teist på sjøen (hekking sannsynleg).
- 13.7.03 blei det talt opp 6 grågås, 28 ærfuglhoer (fire kull, 1+4+4+4 ungar), 4 tjeld, 2 storspove, 3 småspove (trekk), 71 svartbak, 379 gråmåse, 2 fiskemåse, 2 teist på sjøen og 3 skjerpiplerke.

Kommentar: Raudnebbterne blei registrert med 90 reir i 1984. Arten har ikkje blitt registrert ved seinare teljingar.

Lysholmen

Ligg i nordre Ulvesund, ut mot Sildegapet. Vegetasjonen er prega av strandeng.

Viktig hekkeplass for måsefugl, har hatt den største sildemåsekolonien i Nordfjord. Av påvist hekkande artar kan nemnast ærfugl, tjeld, steinvendar, fiskemåse, sildemåse og gråmåse. **Ikkje sjekka i 2005.**

- 4. og 14.6.94 blei det talt opp om lag 40 ærfugl (hoer, fleire med dunungar), 2 par grågås, om lag 160 par gråmåse og 45 par svartbak.
- I 1995 blei det talt opp 1 par grågås med dunungar, om lag 150 par gråmåse og 30-40 par svartbak.
- 1. og 14.6.00 blei det talt opp om lag 35 par sildemåse, 30 par gråmåse og 60 par svartbak. 14.6. om lag 300 ærfugl (mest hannar, jfr. teljingar på Sildekruna den 1.6.2000). Andre artar: Storskarv 2 ind., toppskarv 14 ind. og grågås 4 par (hekking sannsynleg), tjeld 2 par og 2 teist på sjøen.
- 13.7.03 blei det talt opp 15 grågås (14 på sjøen), 15 ærfugl (1 hann, to kull 1+3 ungar), 1 siland ho, 4 tjeld, 54 svartbak, 15 gråmåse, 3 fiskemåse, 8 teist på sjøen og 2 skjerpiplerke.

Kommentar: Sildemåsen blei ikkje observert i 1994 og 1995, men var tilbake med 35 par i 2000. Ikkje registrert i 2003. Markert tilbakegang også for gråmåsen dei siste 10 åra, med kollaps i 2003. Svartbaken er framleis på plass, men hekkeresultat er ikkje kjent.

Einevarden

Det største fuglefjellet i fylket, vest på Vågsøy. Utilgjengeleg område som det er vanskeleg å få full oversikt over. Av påvist hekkande artar kan nemnast havhest, toppskarv, krykkje, gråmåse, svartbak, alke, lomvi, teist og lunde.

- 4.6.94 blei det talt opp om lag 2100 reir av krykkje (etter foto), 5000 par lunde, 100 par alke (grovt overslag), 100 par lomvi (grovt overslag) og 25 par havhest.
- 13.7.03 blei det talt 37 toppskarv (20 reir), 2 vaksne havørn og 1 ungfugl, 8 gråmåse, 122 krykkjereir utan fugl, 6 alke/lomvi på sjøen, 5 alke flygande, 150 lunde svermande, 3 teist (ein mata unge), og to reirplassar for ramn.

Registrering 14.6.05, frå om lag 17:00:

Havhest	5 over sjøen
Toppskarv	113 (fem reirplassar med 7 reir sett, fleire skjult for innsyn)
Havørn	1 ungfugl (4K)
Fjellvåk	1
Tjeld	1
Svartbak	6
Gråmåse	26
Fiskemåse	2
Krykkje	90 (20 reir i bruk)
Alke	ca. 350
Lomvi	ca. 250
Lunde	ca. 3300 (ca. 1500 svermande og 1850 på sjøen)

Kommentar: Markert betring for dei ”pelagiske” alkefuglane i 2005 i høve til førre teljing, men teist blei ikkje sett (merk at dei ekstremt dårlege tala for alkefuglar i 2003 kan skuldast sein teljing). Framleis dårleg for krykkje, hekkebestand ein hundredel av bestanden i 1994. Vanskeleg å gje overslag for hekkebestanden av toppskarv, da fuglane hekkar i bratte fjellsprekker med berre dårleg innsyn.

Stallbrekka

Mindre fuglefjell i Kvalheimsvika vest på Vågsøy. Av påvist hekkande artar kan nemnast havhest, toppskarv, krykkje, gråmåse, svartbak og teist.

- 4.6.94 blei det talt opp 15 par havhest, 50 ærfugl (ind.), 40-50 par krykkje (reir), om lag 100 par gråmåse, 10 par svartbak og "nokre få" individ teist.
- 13.7.03 blei det talt 19 par havhest, 12 toppskarv (6 reir), 54 ærfugl, 1 siland ho, 12 svartbak, 27 gråmåse, 658 krykkjereir, 166 av desse med fugl, 1 lomvi på sjøen, 1 alke på sjøen, og 8 teist på sjøen.

Registrering 14.6.05, frå 18:30:

Havhest	10 par i fjellet
Toppskarv	21, av desse 4 ungfuglar
Ærfugl	40 hannar og 2 hoer
Tjeld	3
Gråmåse	52, 7 obs på reir, men til saman 21 par + ei gruppe på 10
Krykkje	200 (145 reir i bruk)

Kommentar: Talet på havhest, skarv og krykkje ser ut til å ha halde seg ganske stabilt sidan teljinga i 2003. Det store talet på krykkjereir i 2003 skuldast nok flytting frå Einevarden, og også i år hekka det fleir krykkjer i Stallbrekka enn i naboreservatet. Sett under eitt er nedgangen i krykkjebestanden i fylket dei siste 10 åra dramatisk. Talet på gråmåse er høgare enn ved førre teljing, men dette kan rett og slett skuldast at teljinga i 2003 blei gjort mye seinare i sesongen, slik at fleire gråmåsar hadde nådd å avbryte hekkinga.

Klovningen

Omfattar også Skorningane. Holmar i den ytre skjergarden med frodig vegetasjon. Utsette kaninar blei påvist seinast i 1994. Av påvist hekkande artar kan nemnast havhest, toppskarv, ærfugl, tjeld, steinvendar, krykkje, gråmåse, svartbak, lunde og teist. Lunde og krykkje forsvann som hekkefuglar på 1980-talet.

- 4.6.94 blei det talt opp om lag 10 par gråmåse, 50 par svartbak, 4 par tjeld, truleg 25 par alke og 10 par lomvi.
- 13.7.03 blei det talt opp 62 toppskarv (13 reir), 24 ærfugl, 6 tjeld, 36 svartbak, 145 gråmåse, 4 sildemåse, 6 teist på sjøen og 1 ramn. Ved Skorningane 2 toppskarv, 1 gravand, 12 ærfugl, 6 tjeld, 11 svartbak og 24 gråmåse.

Registrering 14.6.05, Skorningane frå 19:00, Klovningen frå 19:20:

Toppskarv	52 (1 ungfugl), av desse fløy 35 ut frå fjellsprekker (hekkplass) heilt i vest. Anslagsvis 15-20 reir.
Svartand	250 like NV for reservatet
Ærfugl	43 hannar og 9 hoer
Svartbak	17
Gråmåse	105 (26 sett på reir)
Fiskemåse	6 (4 på reir)
Sildemåse	1
Alke/lomvi	2
Teist	9 på sjøen
<i>Skorningane:</i>	
Toppskarv	7
Ærfugl	51 hannar og 27 hoer
Tjeld	2
Svartbak	32 (1 sett på reir)
Gråmåse	14
Fiskemåse	1 på reir

Kommentar: Toppskarven har halde seg stabilt sidan 2003, og er no reetablert etter fråvere for 10 år sidan. Talet på stormåsar ser bra ut, men lite fugl blei sett på reir. Dette kan skuldast at dei ikkje har

gått til hekking, men vi merka oss ved fleire hekkeplassar at rugande fuglar var snare til å reise seg frå reiret når båten kom til syne. Den einaste alkefuglen som no ser ut til å vere igjen som hekkefugl, er teisten.

Veststeinen

Ei øy med mindre skjer og holmar ytst i Skjergarden vest for Bremangerlandet. Av påvist hekkande artar kan nemnast havhest, toppskarv, grågås, ærfugl, tjeld, krykkje, gråmåse, svartbak, alke, lomvi, lunde og teist.

- 5.6.94 blei det talt opp om lag 8 par havhest (20 ind.), toppskarv 80 par, grågås om lag 10 par (fleire med dunungar), gråmåse 5-600 par, svartbak 75 par, tjeld 6 par, alke 75-100 par og lomvi 150-200 par og lunde minst 8000 par.
- 13.7.03 blei det talt opp 3 par havhest, 75 toppskarv (10 reir), 25 ærfugl, 2 tjeld, 36 svartbak, 47 gråmåse, 2 krykkje på sjøen, 102 lomvi (60 på sjøen, 5 ungar sett), 15 alke (10 på sjøen, 2 ungar sett), 9 teist på sjøen, 4 reir, 2600 lunde på sjøen, og 50 skjerpiplerke.

Registrering 14.6.05, frå 20:20

Havhest	3 flygande
Havsule	5 flygande
Toppskarv	25 (10-15 i fjellsprekk, anslagsvis 10 reir)
Havørn	6 ungfuglar på bakken (2K)
Tjeld	2
Svartbak	ca. 50
Gråmåse	ca. 80
Lomvi	10 i berget
Alke	20 i fjellet + 2 på sjøen
Teist	2 på sjøen
Lunde	Minst 2500 på sjøen og 200 i lufta, maks 4000.

Kommentar: Dramatisk tilbakegang sidan 1994 for dei fleste artane, særleg for gråmåse. Krykkja ser ut til å ha forsvunne, som på Klovningen. Det blei sett lite lomvi og alke, og det kan sjå ut som tilbakegangen for desse artane i fylket har ført til at dei konsentrerer seg om Einevarden som hekkeplass. Talet på lunde er usikkert fordi det var ei viss forflytting av fuglar på sjøen, noko som kan ha ført til dobbelteljing. Overslaget på 2500 individ er likevel eit minimumsoverslag. Mindor Grotle frå Bremanger rapporterte 24. juni om 12-15 daude lundefuglungar drivande i sjøen ved Veststeinen. Fuglane blei ikkje samla inn og undersøkte, men i alle høve har ungane forlate reira svært tidleg, og det kan vere nærliggande å tru at foreldra har gitt opp hekkinga slik at svolten har tvinga ungane ut av reira og dei har svelta i hel.

Skorpeholmane

To holmar og nokre mindre skjer nær munningen av Nordfjorden. Hekkeplass for måsefugl, men sterkt tilgroing med buskfuru og lauvtre dei siste ti åra. Av påvist hekkande artar kan nemnast hegre, ærfugl, siland, vipe, tjeld, steinvendar, fiskemåse, svartbak og makrellterne.

- 13.6.94 blei det talt opp 18 hegrereir, 1 par grågås, 8 silandhoer, om lag 150 ærfugl, fleire av desse hoer med dunungar (fleire reir blei også funne), 25 par gråmåse og 18 par svartbak.
- 1. og 15.6.00 blei det talt opp 3 toppskarv, 18 grågås (hekking), 18 ærfuglhoer (14 av desse med dunungar), 2 par siland, 2 par tjeld (hekking), 1 par storspove, 5 par gråmåse, ca. 30 par svartbak og 20 par fiskemåse.
- Ikkje talt i 2004.

Registrering 14.6.05, frå 16:00

Toppskarv	2 på kvileplass + to flygande aust
Ærfugl	5
Tjeld	6
Gråmåse	3 (1 rugande)
Svartbak	23 (4 rugande)

Kommentar: Hegrekolonien frå 94 ser ut til å ha flytta over til Haukedalsholmane på sørsida av Rugsundøy. Det blei i 1982 talt opp 60 par makrellterne, men desse har ikkje hekket ved seinare teljingar. Talet på hekkande fuglar har gått sterkt tilbake, noko som kan skuldast både attgroing med skog og generelt dårlege næringstilhøve dei siste åra.

Haukedalsholmane

Tre holmar og nokre mindre skjer sør for Rugsundøy. Holmane er prega av attgroing med buskfuru og lauvtre. Av påvist hekkande artar kan nemnast ærfugl, siland, stokkand, sildemåse, gråmåse, svartbak, fiskemåse, makrellterne og raudnebbterne.

- 13.6.94 blei det talt opp 1 par grågås, 120 ærfugl (fleire hoer med dundungar), 12 siland, 3 par tjeld, 1 par raudstilk, 10 par svartbak og 20-25 par gråmåse.
- 12.6.00 blei det talt opp 15-20 hegrereir, 24 ærfuglhoer (6 med ungar), 4 par tjeld, 10 par gråmåse og 150 par fiskemåse.
- Ikkje talt i 2004.

Registrering 14.6.05, frå 15:15

Hegre	21 (hekking)
Grågås	1
Ærfugl	16 hoer
Tjeld	8
Svartbak	21 (3 rugande ind. sett)
Fiskemåse	33 (6 rugande ind. sett)
Kråke	2

Kommentar: Reira i hegrekolonien var vanskelege å telje frå sjøen, men talet på reir var truleg 5-10. Talet på måsar har variert mye frå år til år, på same måte som artsutvalet. Det har blitt registrert opptil 110 par gråmåse i reservatet (1984). 2005 er det dårlegaste året for måsane så langt, sjølv om vi tar høgde for at ikkje alle rugande fuglar blei talte (særleg svartbakane var snare med å reise seg frå reiret når båten kom til syne).

Vengane

Ei samling låge holmar og skjer i Frøysjøen, med lite jordsmonn men til dels frodig vegetasjon på dei største. Av påvist hekkande artar kan nemnast grågås, ærfugl, siland, tjeld, raudstilk, steinvendar, fiskemåse, gråmåse, svartbak, makrellterne, raudnebbterne og teist.

- Undersøkt i 1994/95, men ikkje omtalt i rapporten (Godø 1995)
- 9.6.00 blei det talt opp 16 ærfuglhoer med ungar, dessutan grågås, tjeld, gråmåse og svartbak. Vanskelege vêrtilhøve hindra ilandstiging.
- 21.6.04 blei det talt opp 1 par grågås m/dunungar, 7 ærfuglhoer med tils. 5 dunungar, 13 tjeld, 2 spove (småspove?), 1 strandsnipe, 9 fiskemåse (5 rugande), ca. 15 gråmåse (3 rugande), ca. 40 svartbak (1 rugande), og 3-4 kråke.

Registrering 14.6.05, frå 13:40

Olaskjera: 1 tjeld, 5 svartbakreir, 1 par gråmåse, og 1 teist flygande vest. Langevengen: 22 grågås (letta frå vatnet), 4 par tjeld, 40 svartbak (12 reir), 3 par gråmåse og 4 fiskemåsereir. Skadvengen: 3 ærfugl (1 hann), 2 tjeld, 13 svartbakreir, 2 gråmåsereir og 1 kråke.

Vengane samla:

Grågås	22
Ærfugl	2 hoer og 1 hann
Tjeld	11
Fiskemåse	4 rugande
Gråmåse	12 (2 rugande)
Svartbak	ca. 80 (30 rugande)
Teist	1
Kråke	1

Kommentar: I 1981 hekka m.a. 30 par fiskemåse, 4 par gråmåse, 78 par svartbak, 15 par makrellterne, 10 par raudnebbterne og 4 par teist. I 1984 var tala tilsvarande, med unntak av at det ikkje blei registrert fiskemåse og raudnebbterne. Generelt har hekkebestanden gått ned sidan då, men ikkje dramatisk sett på bakgrunn av naturlege variasjonar i små bestandar. For måsane sin del ser situasjonen noko betre ut i år enn i 2004, dette skuldast fleire hekkande svartbak.

Rognane

Rognane er ei samling små skjer i fjorden mellom Hovden og fastlandet. Tradisjonell hekkeplass for måsefuglar. Av påvist hekkande artar kan nemnast ærfugl, tjeld, steinvendar, fiskemåse, svartbak, makrellterne og raudnebbterne.

- 6.6.94 blei det talt opp om lag 20 ærfugl (hoer, fleire med dunungar), 4 par tjeld, 2 par steinvendar og om lag 10 par svartbak.
- 3.6.95 blei det talt opp 1 toppskarv, 2 par tjeld, 10 par fiskemåse og 12 par svartbak.
- 8.6.00 blei det talt opp 6 grågås, 16 ærfuglhoer (med 2-6 ungar) og 1 hann, 1 par tjeld, om lag 20 par svartbak og 3 teist på sjøen.
- 21.6.04 blei det talt opp 2 ærfuglhoer, 2 tjeld, 4 svartbak (+ ein dununge), 1 fiskemåse og 1 kråke.

Registrering 14.6.05, frå 12:20

Toppskarv	1 ungfugl på lykt
Grågås	4
Tjeld	4
Svartbak	3 (1 rugande)

Kommentar: Eit lite område og dermed litt meir ustabilt enn dei større reservata. Lite artar, lite individ og venteleg lite ungeproduksjon, i år som i fjor. Ternene hekka i ein blandingskoloni på 40 par seinast ved teljinga i 1984, men har ikkje blitt registrert dei siste ti åra.

Hovdefjell

Består av Nord-Hovden og Kroksøya. Området er ein av dei største gråmåsekoloniane i Sør-Norge. Av andre registrert hekkande artar kan nemnast grågås, ærfugl, siland, tjeld, steinvendar, svartbak, sildemåse, tjuvjo og teist.

- 7.-8.6.94 blei det talt opp 2 par grågås (med 3 og 6 dunungar), 15 ærfugl (fleire med dunungar), 6 par tjeld, 1 par steinvendar, 20-25 par svartbak om lag 1000 par gråmåse.
- 4.6.95 blei det talt opp 6 par grågås med dunungar (2-4), om lag 25 ærfuglhoer (fleire med dunungar), 12 par svartbak og om lag 1200 par gråmåse.
- 8.-9.6.00 blei det talt opp 6 par grågås (2 par med årsungar), 14 ærfuglhoer (med ungar) og 3 hannar, 3 par tjeld, om lag 100 par svartbak, om lag 1500 par gråmåse (til saman på Nord-Hovden og Kroksøya) og 8 teist.
- 21.6.04 blei det talt opp 1 ærfugl hann, 1 par grågås, 2 havørn (ein vaksen), 12 tjeld, 48 gråmåse, om lag 25 svartbak (ein dununge), og 2 oter.

Registrering 14.6.05, frå 12:38

Nord-Hovden: Hegre 1 flygande sør, havørn 1 flygande (ungfugl), kongeørn 2 ungfuglar på bakken, tjeld 3, svartbak 3 (1 rugande), gråmåse 43, fiskemåse 1. Vesle Kroksøy: Toppskarv 1, tjeld 4, svartbak 4 (1 rugande), gråmåse 1 (rugande). Store Kroksøy: Toppskarv 1, grågås 8, tjeld 2, svartbak 12 (2 rugande), gråmåse om lag 50 (10-12 rugande), kråke 1.

Hovdefjell samla:

Toppskarv	2
Hegre	1
Grågås	8
Havørn	1 ungfugl
Kongeørn	2 ungfuglar
Tjeld	9
Gråmåse	ca. 95 (10-12 rugande)

Svartbak	19 (4 rugande)
Fiskemåse	1

Kommentar: Gråmåsekolonien oppover grasbakken på Nord-Hovden stod tom også i år, etter ein dramatisk tilbakegang sidan 2000, da der hekk om lag 1500 par. Ringmerking av gråmåseungar i kolonien (gjort av Vidar Seim i fleire år), viser at nedgangen har skjedd sidan 2001: 1997 ca. 120 ungar merkte, 1998 63 ungar merkte, 1999 89 ungar merkte, 2000 106 ungar merkte, 2001 6 ungar merkte, 2003 2 ungar merkte, 2004 0 ungar. Ringmerkaren fann om lag 25 reirgrøper i 2004, men det såg ikkje ut som det hadde vore ungar i nokre av dei. Det blei ikkje gjort ilandstiging i reservatet i år. Det sat berre 4 gråmåsar i grasbakken ved teljinga i år. Ytterlegare 35 individ sat i flokk på svaberga nedanfor grasbakken, mens situasjonen på Store Kroksøy (med 10-12 rugande gråmåsar) såg betre ut enn i fjor.

Frøyskjera

Eit av dei større reservata i fylket, omfattar eit stort tal øyar, holmar og skjer i den ytre skjergarden sørvest for Frøya/Kalvåg. Av påvist hekkande artar kan nemnast grågås, ærfugl, siland, tjeld, vipe, raudstilk, steinvendar, fiskemåse, gråmåse, svartbak, makrellterne, raudnebbterne, tjuvjo og teist.

- Det ligg ikkje føre data frå teljingar i Frøyskjera sidan 6.6.1984. Det blei da talt opp 3 grågås, 82 ærfugl (70 hannar), 8 par tjeld, 1 par steinvendar, 1 par tjuvjo, om lag 100 sildemåse (ikkje hekking), 80 reir av gråmåse på Gjenneskjeret, om lag 75 reir av svartbak (55 på Gjenneskjeret), 60 reir av raudnebbterne (på Auseskjera og ein holme aust for Gjenneskjeret) og om lag 10 teist.
- 21.6.04 Blei det talt opp om lag 90 toppskarv på kvileplass, 2 par grågås, ca. 80 ærfugl + 16 dunungar, ca. 25 tjeld, 2 fiskemåse, ca. 30 gråmåse, ca. 95 svartbak + 2 dunungar, og 2 teist.

Registrering 15.6.05, frå 07:55

Skjær SV for Gåsøya: Svartbak 1 par (rugande), 3-4 terner flygande enkeltvis mot aust. Joskjera: Grågås 1 par, ærfugl 14 hannar, tjeld 2, fiskemåse 5, svartbak 6 (4 rugande). Sponga: Grågås 1 par, ærfugl 2 hoer, tjeld 1, svartbak 5 (2 rugande). Skjær N for Gåsøya: Tjeld 1, svartbak 7 (3 rugande). Torbjørnsholmen: Svartbak 12 (3 rugande), sildemåse 1. Rasmusskjeret: Ærfugl 7 (3 hoer), 4 svartbak (2 rugande), fiskemåse 1. Skjær N for Torbjørnsholmen: Ærfugl 1 par, svartbak 2 (1 rugande), fiskemåse 2, makrellterne 1. Skjær Ø for Verøya: Ærfugl 2 hannar, svartbak 5 (4 rugande), gråmåse 1. Mattlandsholmane: Ærfugl 2 hoer, svartbak 9 (4 rugande). Gjenneskjeret: Toppskarv 56 (kvileplass) av desse 40 ungfugl, grågås 4, ærfugl 18 (av desse 3 hoer), svartbak 30 (15 rugande), gråmåse 18 (8 rugande), fiskemåse 10. Svarteskjeret: Toppskarv 20, ærfugl 80 (av desse 20 hoer). Kobbeskjeret: Tjeld 2, svartbak 18 (5 rugande). Stabben: Svartbak 2, gråmåse 12. Søtingen: Svartbak 15 (6 rugande), gråmåse 25 (9 rugande). Søtingen-Toddeskjeret: Toppskarv 5, ærfugl 122 (2 hoer), tjeld 1, svartbak 4, gråmåse 4, kråke 1, havert 1 hann.

Frøyskjera samla:

Toppskarv	ca. 80, av desse 40 ungfuglar (kvileplass)
Grågås	8
Ærfugl	216 hannar og 33 hoer (ingen dunungar sett)
Tjeld	7
Fiskemåse	18
Gråmåse	60 (17 rugande)
Svartbak	121 (50 rugande)
Sildemåse	1
Terner	4-5
Kråke	1
Havert	1 hann

Kommentar: Området er grunt og ligg vêrhardt til, og det ligg ikkje føre teljingar mellom 1984 og 2004. Ved teljinga i 2004 mangla sildemåse, tjuvjo og terner, talet på stormåsar var redusert, og det blei sett lite teist. Det blei heller ikkje observert meir enn eitt par stormåsar med ungar. I år såg situasjonen betre ut for måsane, med merkbar fleire fuglar på reir – men vi veit ikkje kor mange egg

som blei klekte og i kva grad ungane overlevde. Talet på hekkande gråmåse er også langt under talet frå 1984. Det er påfallande at ikkje ein einaste ærfuglunge blei observert i heile dette store området. Teist blei heller ikkje sett i år. Dette kan tyde på at området ikkje er av stor verdi for teisten, men det kan også vere at i den pressa situasjonen teisten er i på Vestlandet for tida, er dei attverande fuglane konsentrert i dei aller beste områda (for Sogn og Fjordane sin del i nordlege Askvoll). Ifølgje lokalkjente er det ikkje hekkplassar for toppskarv i Frøyskjera.

Aralden

Ein større holme og nokre mindre skjer som ligg vêrhardt til vest for Hovden. Fjell i dagen med lite jordsmonn og vegetasjon. Hekkeplass for svartbak, gråmåse og teist, kvileplass for skarv, og beiteplass for ærfugl og havelle.

- Aralden er blant dei reservata som er dårlegast undersøkt, da veret ofte gjer det vanskeleg å telje i området. Godø (1991) opplyser at det er registrert opptil 100 par av svartbak og gråmåse, og 10-20 par teist. Desse dataa skriv seg etter alt å døme frå sist på 1970-talet.
- 21.6.04 blei det talt opp 8 toppskarv, 7 ærfuglhannar, 3 tjeld, 15 svartbak og 3 gråmåse.

Registrering 15.6.05, frå 10:25

Toppskarv	2
Ærfugl	3 (2 hoer)
Tjeld	1
Gråmåse	4
Svartbak	10 (2 rugande)
Fiskemåse	1
Teist	4

Kommentar: Tilstanden i reservatet er svært dårleg samanlikna med opplysningane frå 70-talet, og det er heller ikkje merkbar betring i høve til fjoråret – med mogleg unntak for teisten.

Indre-Ånnøy

Reservatet omfattar eit lyngheiområde på den austlegaste delen av øya. Problem med tilvekst av vegetasjon på grunn av manglande skjøtsel (beiting av husdyr), slik at lyngen no er i grovaste laget, og det har vakse opp ein del rognebusker. Av påvist hekkande artar kan nemnast ærfugl, tjeld, raudstilk, småspove, svartbak, gråmåse og sildemåse.

- 9.6.94 blei det talt opp 8 ærfuglhoer med ungar, 1 par tjeld, og 60-70 par gråmåse.
- 9.6.00 blei det talt opp 3 toppskarv, 7 grågås (truleg hekking), 2 ærfuglar med ungar, og ca. 20 par gråmåse.

Registrering 15.6.05, frå 13:00

Svartbak	5 (3 rugande)
Gråmåse	2 (1 rugande)

Kommentar: Sterk nedgong dei siste 10 åra. Lite fugl å sjå i den grovvaksne lyngheia, men måsane hekkar enno og forhåpentleg vil det vere mogleg å få gjennomført skjøtsel slik at hekkebestandane kan auke igjen.

Nekkøytåa

Ein del av Nekkøya, dessutan høyrer to mindre holmar med til reservatet. Lyngheia var tidlegare ein viktig hekkplass m.a. for sildemåse og gråmåse. Av påvist hekkande artar kan nemnast grågås, ærfugl, siland, tjeld, raudstilk, småspove, enkeltbekkasin, steinvendar, fiskemåse, svartbak, gråmåse og sildemåse.

- 9.6.94 blei det registrert 12 ærfugl (fleire hoer med dunungar), 3 par tjeld, 2 par storspove og 4-5 par svartbak. På Tretteskjeret 2 ærfuglhoer med dunungar, 2 par tjeld og 2 par svartbak; på Klungreskjeret 4 par svartbak og om lag 20 par raudnebbterne.

- 14.6.95 blei det talt opp 2 par grågås (med 3 og 4 dunungar), 14 ærfuglhoer og 1 par tjeld.
- 6. og 9.6.2000 blei det talt opp 1 par siland og 2 par svartbak. På Tretteskjeret vart det registrert 2 par av svartbak og 1 par tjeld. På Klungreskjeret 1 par svartbak, og 1 ærfugl med ungar.

Registrering 15.6.05, frå 13:20

Hegre	1
Tjeld	1
Storspove	1 par
Svartbak	4
Gråmåse	1 (rugande?)
Kråke	1
Ramn	1

Tretteskjeret:

Tjeld	1
Fiskemåse	1
Svartbak	2
Kråke	2

Klungreskjeret:

Tjeld	1 reir
Kråke	2

Kommentar: I 1990-åra har bestandane blitt kraftig reduserte, mest sannsynleg på grunn av redusert beite og påfølgjande attgroing. I denne tilstanden har Nekkøytåa liten verdi som hekkeplass for sjøfugl.

Ytterøyane

Består av fire åtskilte gruntvassområde med små holmar og skjer i NV (Sverslingane) og NØ (Kvitingane), og større holmar og øyer i SV (Ytterøyane) og SØ (Nærøyane). Områda i nord er prega av berg i dagen, i sør er mange av dei større holmane/øyane dekt av ein rik blomsterflora. Av påvist hekkande artar kan nemnast toppskarv, grågås, ærfugl, siland, tjeld, steinvendar, småspove, raudstilk, gråmåse, svartbak, raudnebbterne og teist. Det er dessutan fanga fleire havsvalar med rugeflekk i samband med ringmerking.

- 10.6.94 blei det på Ytterøyane talt opp 3 par grågås (ungar ikkje sett), 60 ærfuglhoer (fleire med dunungar), 3 par tjeld, 40-50 par svartbak, om lag 200 par gråmåse og om lag 75 par raudnebbterne. På Nærøyane blei det sett 2 par grågås (eitt med 5 dunungar), 50 ærfuglhoer (fleire med dunungar), om lag 110 siland, 6 par tjeld, 10 par svartbak og om lag 15 par gråmåse. På Kvitingane blei det sett 1 par grågås (hekking?), om lag 100 ærfugl og 5 par svartbak. Sverslingane blei ikkje talt pga vêrtilhøva.
- 21.6.04 blei berre Sverslingane og Ytterøyane talde opp, med om lag 50 toppskarv (29 reir), 13 havsule (i lufta), om lag 260 ærfugl, 1 havørn (vaksen), 8 tjeld, 2 sildemåse, 15 gråmåse, om lag 95 svartbak (1 rugande), 1 teist og 2 lunde.

Registrering 15.6.05, frå 17:00

Nærøyane og holmar mot aust: Toppskarv 7, grågås 12, ærfugl 1 par, tjeld 2, storspove 2, gråmåse 2, svartbak 41 (6 rugande), sildemåse 1, fiskemåse 7, teist 1, kråke 2, ramn 1. Sandøyane –

Ertingeskjeret: Toppskarv 1, ærfugl 31 (14 hoer), tjeld 8, svartbak 7 (2 rugande), fiskemåse 4, kråke 3. Ertreskjeret: Toppskarv 23, ærfugl 7.

Kvitingane: Toppskarv 22, grågås 1 par med ungar, ærfugl 4 hannar, tjeld 5, svartbak 16 (2 rugande), fiskemåse 1, havert 1.

Sverslingane: Svartand 45 flygande, svartbak 6, gråmåse 3. Skjær mot ØSØ: Toppskarv 10, ærfugl ca 300 på land, 900 på sjøen. Bysa: Ærfugl 15, Lunde 4 flygande N.

Ytterøyane, holmar mot vest: Toppskarv 8, havsule 1 flygande, ærfugl 115, svartand 12, svartbak 10, gråmåse 2, lunde 2 flygande NV. Droga: Havhest 1 flygande, ærfugl 33, svartbak 8, krykkje 1, teist 8. Ytterøyane fyr: Havhest 3 flygande, toppskarv 49 (43 fløy ut frå hekkeplass), tjeld 1, gråmåse 2 reir, svartbak 5, sildemåse 1 reir, teist 1. Øy S for Ternehaug: Ærfugl 3 hoer, tjeld 2, gråmåse 7, svartbak 4. Ternehaug: Ærfugl 5 (3 hoer), gråmåse 18, svartbak 25.

Ytterøyane samla:

Toppskarv	ca. 120
Havsule	1 (flygande)
Havhest	4 (flygande)
Grågås	14 (av desse eit par + dunungar)
Ærfugl	ca. 1400, i hovudsak hannar
Svartand	57
Tjeld	18
Storspove	2
Sildemåse	2 (1 reir funne)
Gråmåse	34 (2 reir funne)
Svartbak	122 (10 rugande)
Fiskemåse	12
Krykkje	1
Teist	5
Lunde	6 (flygande)
Kråke	2
Ramn	1
Kanin	1

Kommentar: Ilandstiging ved Ytterøyane fyr.

Nærøyane blei talt frå 12:00, i tiltakande vind med dårlege observasjonstilhøve. Teljinga blei avbrote, og tatt opp att frå 17:00. Ei positiv utvikling dei siste åra er etableringa av hekkande toppskarv, som er dokumentert gjennom ringmerkingsarbeidet til Vidar Seim: Skarvane etablerte seg først på Sverslingane, der det blei funne 4 reir i 97, 1 i 98 og 2 i 99. I 1998 flytta skarvane til eit mindre eksponert område ved Ytterøyane fyr, og begynte med 2-4 reir. Året etter var hekkebestanden auka til 8-10 reir, til 35 reir i 01 og 56 reir i 03. I 2004 var talet på reir sunke til 29, og talet på overlevande ungar fram til ringmerkingsalder redusert frå 96 i 2003 til 7. Hekkinga såg ut til å gå dårleg også i år. På grunn av uroleg sjø kom vi i land berre på ein plass, og fann 17 reir. Av desse var det egg eller ungar berre i 7. Talet på hekkande toppskarv ved Ytterøyane fyr ser elles ut til å vere om lag det same som i fjor.

Positivt er det at vi i løpet av den raske ilandstiging vest for fyret fann dunungar av gråmåse og sildemåse, slik at ein del hekkefuglar ser ut til å ha funne det verdt innsatsen å gjennomføre heile rugeperioden. Teljingane ser også ut til å stadfeste at området ved Sverslingane er viktig for ærfugl i myteperioden.

Minst ei kanin blei sett vest for fyret, og det var rikeleg med utgravne holer i bakken.

Kvalsteinane

Består av fleire større og mindre holmar og skjer i den ytre/midtre skjergarden. Dei viktigaste er: Værholmane, Store Kvalstein, Lille Kvalstein, Tindeskjeret, Guleskjeret og Kvannskjeret. Sau beitar på fleire av holmane. Av påvist hekkande artar kan nemnast grågås, ærfugl, tjeld, vipe, steinvendar, småspove, raudstilk, fiskemåse, gråmåse, svartbak, makrellterne, raudnebbterne, tjuvjo og teist.

- 14.6.95 blei det talt opp 4 par grågås med dunungar (2-4), om lag 15 par tjeld, 1 par sandlo og om lag 40-50 par ternar (makrellterne dominerande). Måsane fordelte seg slik: Kvannskjeret om lag 75 par gråmåse og 25 par svartbak; Litle Kvalsteinen om lag 200 par gråmåse, 50 par sildemåse og 30 par svartbak; Store Kvalsteinen 50-60 par gråmåse og 8-10 par svartbak; Værholmane 20 par gråmåse og 7-8 par svartbak.
- 6.6.00 blei det talt opp 40-50 toppskarv, 3 storskarv, 12 par grågås (hekking på fleire holmar og skjer), 30 ærfuglhoer (fleire med ungar) og om lag 90 hannar, om lag 20 par tjeld, om lag 20 par fiskemåse, 130 par svartbak og 350 par gråmåse, 12 eller 25 teist (på sjøen), 1 par ramn og 1 par kråke (reir med ungar i lite tre på Værholmen).
- 21.6.04 blei det talt opp 1 toppskarv, 1 hegre, 10 grågås, 14 ærfugl, 35 tjeld, 2 fiskemåse, 3 sildemåse, 40 gråmåse (1 rugande), om lag 150 svartbak, 1 kråkereir og 1 oter.

Registrering 15.6.05, frå 14:30

Nonsskjera/Rufleda/Håskjeret: Toppskarv 7 (4 ungfuglar), ærfugl 1 ho, gråmåse 27, svartbak 35, fiskemåse 2, teist 1 flygande vest. Kobbesskjera: Svartbak 3, gråmåse 2, fiskemåse 4. Kjerringskjera: Svartbak 3. Skjær S for Tippskjera: Svartbak 2. Store Kvalsteinen m/holmar mot NV: Grågås 4, ærfugl 2 hoer, tjeld 2, svartbak 11 (2 rugande), gråmåse 5 (1 rugande). Tindeskjeret: Svartbak 2, sildemåse 1, ramn 1. Guleskjeret: Svartbak 6. Litle Kvalsteinen: Grågås 9, tjeld 9, svartbak 15, gråmåse 7, sildemåse 1, fiskemåse 1. Kvannskjeret: Grågås 6, ærfugl 3 (2 hoer), tjeld 3, svartbak 25, gråmåse 65, fiskemåse 5, kråke 1. Vedelskytten: Grågås 4, tjeld 1, svartbak 17 (5 rugande), gråmåse 4 (2 rugande), sildemåse 1.

Værholmane: Grågås 20 (+ eit kull med 5 dunungar), ærfugl 3 (2 hoer), tjeld 6, svartbak 21 (3 rugande), gråmåse 1, kråkereir i tre (ikkje sjekka)

Kvalsteinane samla:

Toppskarv	7 (4 ungfuglar)
Grågås	43 (+ eit kull med 5 dunungar)
Ærfugl	9 (7 hoer)
Tjeld	21
Fiskemåse	12
Sildemåse	3
Gråmåse	111 (3 rugande)
Svartbak	140 (10 rugande)
Teist	1
Kråke	1 + reir
Ramn	1

Kommentar: Kvannskjeret blei berre observert frå nordsida pga uroleg sjø, men det er sannsynleg at måsane også her sat på lesida, slik at alle blei registrerte. Dessverre førte mye manøvrering for å finne rolege tilhøve til at rugande måsar reiste seg før vi kom i posisjon til å telje dei. Talet på rugande måsar er derfor sannsynlegvis sterkt undervurdert.

Sjølv om talet på måsar er større enn i fjor, er det likevel langt igjen til dei tala som blei registrerte for relativt få år sidan, med 350 *par* gråmåse. Sildemåsen som hekka med 50 par i 1995 har dei siste åra berre blitt registrert som enkeltindivid, og her som elles langs kysten har ternene ikkje blitt sett på fleire år. For 20 år sidan hekka om lag 160 par ternar i området, 40-50 par for ni år sidan, ingen for fire år sidan, ingen i fjor og ingen i år.

Ein teist blei observert flygande heilt vest i reservatet, men elles stadfester teljinga inntrykket frå i fjor om at teisten er borte frå Kvalsteinane. Men med 12 eller 25 individ for så kort tid sidan som 2000 er det klart at området har kvalitetar som gjer det sannsynleg at teisten vil kome tilbake dersom dagens problem berre er knytt til midlertidig næringsmangel (merk elles at talet på teist i 2000 er noko usikkert; rapporten frå dette året er delt i to, med ein reservatomtale og ein artsomtale. I reservatomtalen er talet på observerte teistar gitt til 25, mens det i artsomtalen av teist er skrive at det blei registrert "tilsaman 12 ind. Hekking Værholmane.")

Gulholmen

To holmar og nokre mindre skjer som ligg i den ytre skjergarden. Av påvist hekkande artar kan nemnast grågås, ærfugl, tjeld, steinvendar, sildemåse, gråmåse, svartbak, fiskemåse, makrellterne og raudnebbterne.

- 13.6.95 blei det talt opp 6 par grågås (med 2-5 dunungar), om lag 500 ærfugl på sjøen, om lag 25 siland, 4 par tjeld, om lag 50 par gråmåse og 20-25 par svartbak.
- 6.6.00 blei det talt opp om lag 10 toppskarv, 26 ind. av grågås (hekking sannsynleg), om lag 10 ærfuglhoer (fleire med ungar), 3 par tjeld, om lag 100 par gråmåse, 50-60 par sildemåse og 25 par svartbak.
- 9.7.04 blei Gulholmen berre passert på avstand, og der var tilsynelatande svært lite fugl. Berre "nokre få" svartbak og fiskemåse blei sett.

Registrering 15.6.05, frå 20:00

Grågås 4

Havørn	1 ungfugl
Tjeld	4
Sandlo	2
Svartbak	21 (4 rugande)
Gråmåse	25 (8 rugande)
Sildemåse	8 (6 rugande)
Fiskemåse	2

Kommentar: Havørna fekk alle måsane på vengene, og vi talte opp dei rugande fuglane etter at dei hadde sett seg igjen. Talet på rugande svartbak er sannsynlegvis noko undervurdert, da desse var mest aggressive og brukte lenger tid på å returnere til reiret.

Teljinga i 2004 blei gjort for seint på sesongen til å gi noko inntrykk av hekkebestanden, ettersom det var eit dårleg år og mange fuglar gav opp hekkinga tidleg. I forhold til 2000 er tilhøva også i år dårlege, med berre ein brøkdel av dei ulike måseartane på reir.

Trefotskjera

Ei mindre samling holmar i den midtre skjergarden, vest for Svanøy. Frodig strandeng. Av påvist hekkande artar kan nemnast ærfugl, siland, tjeld, steinvendar, raudstilk, fiskemåse, makrellterne, raudnebbterne og teist.

- 12.6.94 blei det observert 4 par tjeld, om lag 40 par gråmåse og 5 par svartbak, og om lag 60 par raudnebbterne (og "ein del" makrellterne).
- 7.6.00 blei det observert 6 ærfugl (1 ho) og 1 par tjeld
- 9.7.04 blei det observert 8 gråmåsar.

Registrering 15.6.05, frå 20:30

Sporvehauk	1
Tjeld	6
Svartbak	5 (1 rugande)
Gråmåse	2
Fiskemåse	4
Kråke	1

Kommentar: Teljinga stadfester inntrykket frå i fjor om at hekkebestanden av måsar er sterkt redusert. Hekkande terner er ikkje registrert sidan 1994. Merk elles at resultatet av teljinga i 2000 er usikker. Trefotskjera er ikkje nemnt i gjennomgangen av undersøkte reservat, men tal for to artar er likevel oppgitt i den artsvisse gjennomgangen.

Moldvær

Ei samling større og mindre øyar, holmar og skjer, del av eit større gruntvassområde i ytre og nordlege del av Askvoll. Viktig hekkplass for fleire sjøfuglartar. Av påvist hekkande artar kan nemnast toppskarv, grågås, ærfugl, tjeld, steinvendar, fiskemåse, gråmåse, svartbak, raudnebbterne, tjuvjo og teist.

- 13.6.95 blei det talt opp om lag 300 reir av toppskarv, 30 grågås + minst 6 par med dunungar (2-5), om lag 100 ærfuglhoer (fleire med dunungar), 6 par tjeld, 1 par steinvendar, om lag 250 par gråmåse og 50-60 par svartbak, teist om lag 25 individ (hekking påvist) og 1 oter.
- 28.6.04 blei det talt opp om lag 250 toppskarv (54 reir), 125 grågås, 11 ærfugl (1 ho), 2 havørn, 10 tjeld, 1 par fiskemåse (hekking), 73 gråmåse, 90 svartbak + to ungar, om lag 30 teist, 1 lunde, 1 oter og 6 steinkobbe.

Registrering 17.6.05, frå 11:55

Kvannskjeret: Toppskarv 22 (10 ungfuglar), grågås 100 (4 på land), ærfugl 4 hoer, siland 2, svartbak 25, teist 6 sett samtidig på sjøen. Ingvaldsøyna: Toppskarv 15, svartbak 20, gråmåse 30, sildemåse 8, fiskemåse 5, teist 2 på sjøen. Husøyna og holmar mot S: Toppskarv 7, tjeld 2, svartbak 50, gråmåse 10. Storøyna: Toppskarv 34 (106 reir, 96 med innhald), grågås 300 på vatnet, ærfugl 5 (3 hoer), tjeld 3, gråmåse 53, svartbak 28, fiskemåse 10, teist 17 (8 sett samtidig). Klubben: Toppskarv 38, av desse

14 ungfuglar (58 reir, 52 med innhald), grågås 100 (på sjøen), gråmåse 30 (3 reir funne), svartbak 30, teist 8+7, lunde 5. Melskjeret: Toppskarv 126, av desse 30 ungfuglar (1 tomt reir), ærfugl 3, svartbak 9, lomvi 2.

Moldvær samla:

Toppskarv	ca. 240 (165 reir, 148 med innhald)
Grågås	ca. 500
Ærfugl	12, av desse 7 hoer (7 reir)
Siland	2
Tjeld	5
Fiskemåse	15
Gråmåse	123 (3 reir)
Svartbak	162
Sildemåse	8
Teist	ca. 30
Lunde	1
Oter	1
Steinkobbe	6

Kommentar: Ilandstiging på Storøyna, Klubben og Melskjeret.

For å gjere opphalda på land så korte som mogleg, undersøkte vi berre moglege hekkeplassar for skarv. Dei mest høgareliggande og vegetasjonsrike områda der måsane hekka, blei derfor ikkje sjekka grundig. Dette gjeld likevel berre eit relativt lite areal på Storøyna, og vi konkluderer med at hekkebestanden av måsar i Moldvær var svært svak også i 2005.

Moldvær står saman med Ryggsteinen i ei særstilling når det gjeld talet på teist i fylket, i år som i fjor. Til saman blei det observert minst 26 individ, kanskje så mange som 40 (ein viss fare for dobbeltteljing gjer at vi anslår 30). Halvparten av alle teistane i fylket blei observert i Moldvær og Ryggsteinen.

For toppskarven er talet på reir betrakteleg mindre enn ved teljinga i 1995, men her må ein ta omsyn til at på midten av 90-talet var skarvebestanden i fylket den høgaste som er kjent dei siste 30 åra. Talet på reir i år er likevel tre gonger så stort som i fjor, og ein svært høg del (90%) innehalde egg eller ungar ved teljetidspunktet. Når ein samanliknar med dei andre skarvekoloniane, var det påfallande mange kull med tre og fire egg i Moldvær (og Ryggsteinen), noko som tyder på at skarvane her har funne tilhøva gode i alle fall i byrjinga av sesongen. Sannsynlegvis har overlevinga av ungane også vore god, for da SNO var på land 2.8. for å setje opp nye skilt, blei det framleis sett mange skarveungar i reirområda. Det relativt gode innslaget av ungfuglar under teljingane i juni kan også vere ein indikasjon på at ein god del av dei ungane som blei klekt i fjor faktisk overlevde så langt at dei kom på vengene.

Det var elles lite ærfugl i området, men vi fann 7 reir utan å leite særskilt etter desse. Talet på grågås er den høgaste som er registrert i området, og det var mykje gâseskit og beitespor på land.

Ryggsteinen

Ei samling mindre øyar, holmar og skjer, både låge og eksponerte og høgare med frodig vegetasjon. Del av same store gruntområde som Moldvær. Viktig hekkeplass for fleire sjøfuglartar, og av Godø (1991) nemnt som den viktigaste myteplassen for grågås i Sogn og Fjordane. Av påvist hekkande artar kan nemnast toppskarv, grågås, ærfugl, tjeld, steinvendar, gråmåse, svartbak, raudnebbterne, tjuvjo, teist og lunde.

- Området blei ikkje talt opp verken i 1995 eller 2000. Godø (1984) oppgir at det 17.6.84 blei talt opp 350 toppskarv (74 reir), 260 grågås (derav 5 par med ungar), om lag 700 ærfugl (derav 50 hoer, fleire med dunungar), 180 siland, 2 par tjeld, 1 par steinvendar, 2 par tjuvjo, 50 par svartbak, 20 par raudnebbterne, 120 teist (fleire reirfunn) og 12 lunde (5 reirfunn).
- Vidar Seim har talt opp toppskarvreir i samband med ringmerking sidan tidleg på 90-talet: 313 (92), 425 (93), 324 (94), 63 (01), 183 (03).

- 28.6.04 blei det talt opp om lag 250 toppskarv (70 reir), om lag 140 grågås, 5 ærfugl, 4 tjeld, 3 fiskemåse, 3 sildemåse, om lag 65 svartbak, om lag 100 ternar (ikkje hekkande), om lag 15 teist, 8-10 lunde, 1 par kråke med 2 ungar, og rundt 30 steinkobbe.

Registrering 17.6.05, frå 08:10

Indrøyna: Toppskarv 18 (7 reir, 6 med innhald), ærfugl 5 hoer, tjeld 2, svartbak 31, gråmåse 20, fiskemåse 1, teist 18 (sett samtidig), lunde 3. Husøyna og holmar mot V: Toppskarv 33 (13 reir, 12 med innhald på Husøyna; 6 reir, 5 med innhald på holme mot V), grågås ca. 450 på sjøen, ærfugl 3 hoer på sjøen og 3 reir funne, tjeld 2, svartbak 80, gråmåse 6, tjuvjo 3, teist 2, lunde 2 (i lufta), tårnseiler 1. Ytrøyna: Toppskarv 110 (41 reir, 33 med innhald), grågås 10, svartbak 40, gråmåse 10, fiskemåse 1 reir, teist 3, kråke 3 flygedyktige ungar i toppskarvreir, havert 1. Paradis: Toppskarv 25 (7 ungfuglar), grågås 30, ærfugl 10 hanner, svartbak 17, gråmåse 12, fiskemåse 10, terne ca. 60 (ikkje hekkande), teist 2, steinkobbe 15.

Ryggsteinen samla:

Toppskarv	ca. 190 (67 reir, 56 med innhald)
Grågås	ca. 490
Ærfugl	18, av desse 8 hoer (3 reir)
Tjeld	4
Svartbak	ca. 160
Gråmåse	48
Fiskemåse	12 (1 reir)
Terne	ca. 60 (ikkje hekkande)
Tjuvjo	3
Teist	25
Lunde	5
Kråke	1 par med 3 ungar
Havert	1
Steinkobbe	15

Kommentar: Ilandstiging på Indrøyna, Husøyna, Ytrøyna og ein holme V for Husøyna.

Teljingane på land blei også på Ryggsteinen konsentrert om skarveområda, slik at det ikkje blei leita aktivt etter måsereir. Øyane er likevel såpass små at når vi berre fann eitt reir (fiskemåse), må vi konkludere med at svært få av måsane i Ryggsteinen faktisk hekka i år.

Ryggsteinen og Moldvær har omkring halvparten av alle observerte teistar i fylket. Det blei likevel berre registrert 25 teistar ved Ryggsteinen, mens det då teistebestanden var på sitt beste midt på 80-talet blei talt 120 teist her (i tillegg 65 teist ved Moldvær og 85 ved Håsteinen), og sjølv om det blei sett litt fleire teistar i år enn i fjor er situasjonen framleis kritisk for arten i Sogn og Fjordane.

For toppskarven er talet på reir om lag som i fjor, og berre ein brøkdel av reirtalet i dei beste åra midt på 90-talet. Som på Moldvær ser det likevel ut som overlevinga er bra, og på teljetidspunktet var det innhald i 84% av reira. Vi reknar det som sannsynleg at det hekkande kråkeparet (3 nettopp flygedyktige ungar sat i eit skarvereir) er ansvarlege for hovuddelen av eggtalet.

Raudnebbterna, som blei registrert hekkande på 80-talet (22 reir i 1984), har ikkje blitt funne hekkande ved seinare teljingar. Vi observerte ein flokk på om lag 60 ternar på eit skjer, det var ikkje ungfuglar av året blant desse.

Det var elles lite ærfugl i området, men vi fann 3 reir tilfeldig. Talet på grågås er større enn i fjor, og til saman heldt det seg rundt 1000 individ ved Ryggsteinen og Moldvær. Det var mye gåseskit og beitespor på land.

Håsteinen

Det største av dei tre øygruppene i ytre nordre Askvoll, med om lag 50 øyer, holmar og skjer. Mye fjell i dagen og lite lausmasse, men stadvis frodig vegetasjon. Hekkeplass for mange artar av sjøfuglar, og eit svært viktig myte- og vinterområde for skarv og marine dykkender. Av påvist hekkande artar kan nemnast toppskarv, grågås, gravand, ærfugl, tjeld, vipe, steinvendar, fiskemåse, gråmåse, svartbak, raudnebbterne, tjuvjo og teist.

- 13.6.95 blei det talt opp om lag 60 grågås + 11 par med dunungar (2-5), 10 par tjeld, 2 par steinvendar, 1 par raudstilk, om lag 30 par svartbak, 1 par tjuvjo, 120 par raudnebbterne (to koloniar) og 10 teist.
- 28.6.04 blei det registrert om lag 160 toppskarv, 105 grågås, 350 ærfugl, 11 siland, 6 tjeld, 2 tjuvjo, 3 fiskemåse, 35 gråmåse, 1 sildemåse, om lag 45 svartbak, om lag 65 terne (ikkje hekkande), 1 alke, 6 lunde, 1 kråke og 5 steinkobbe.

Registrering 17.6.05, frå 15:15

Botnaskjeret: Svartbak 2, gråmåse 2, sildemåse 1. På skjer mot NV 38 steinkobbe. Lambholmen (holme mot V): Svartbak 3. Bolten: Svartbak 3, gråmåse 1. Kalvøyna og skjer mot S: Tjeld 2, fiskemåse 3, svartbak 2. Andersøyna – Hellersøyna – Gaulen: Siland 1, tjeld 3, tjuvjo 1, svartbak 24, gråmåse 1, sildemåse 1, fiskemåse 2. Flatskjeret: Grågås om lag 100 på sjøen, ærfugl 2, tjeld 1, svartbak 10. Kubbeskjeret: Sildemåse 1, steinkobbe 1. Skarveskjera: Svartbak 1, fiskemåse 1. Draget, ”hovudøya” og holmane rundt: Grågås 15 (på sjøen), tjeld 2, svartbak 18, gråmåse 3, fiskemåse 4. AUSA: Tjeld 1, gråmåse 4, fiskemåse 4. Svartskjera: Toppskarv 25, tjeld 2, svartbak 1, gråmåse 4, sildemåse 1 par, fiskemåse 1. Kroken: Fiskemåse 3.

Håsteinen samla:

Toppskarv	25
Grågås	ca. 115
Ærfugl	2
Siland	1
Tjeld	11
Tjuvjo	1
Fiskemåse	18
Gråmåse	15
Sildemåse	5
Svartbak	64
Steinkobbe	39

Kommentar: Området såg uventa livlaust ut, og kontrasten til Moldvær som blei sjekka like før var påfallande. Vi var ikkje på land, da vi konsentrerte eventuell reirleiting etter skarvereir. Toppskarv såg vi berre i ei lita gruppe (25 ind.), og arten er ikkje påvist hekkande ved Håsteinen sidan 1984. Det blei da berre funne 4 reir, så det er nok mangel på eigna reirplassar på øyane.

Teist blei ikkje observert i år, som i fjor. Teljing av 10 individ i 1995 og 85 ind (30 reirfunn) i 1984 stadfester det generelle inntrykket frå fylket elles om at teisten har gått kraftig tilbake. Sjølv om ettermiddagen ikkje er det ideelle tidspunktet for teljing av teist, blei teljinga ved Håsteinen gjort kort tid etter at 50 – 60 teist blei observert nokre km lenger nord ved Ryggsteinen og Moldvær. Andre alkefuglar blei heller ikkje sett, sjølv om nokre få individ av alke og lunde var på plass i fjor.

Ternekoloniane stod tome i år, som elles i fylket. Det var også påfallande lite ærfugl å sjå.

Smelvær

Omfattar fleire øyar, holmar og skjer i den midtre skjergarden. Fleire viktige hekkeplassar for sjøfugl, men etter ein markert nedgang i byrjinga av 1990-åra (dels på grunn av mink), har hekkebestandane i liten grad tatt seg opp igjen. Av påvist hekkande artar kan nemnast grågås, ærfugl, siland, tjeld, vipe, småspove, enkeltbekkasin, steinvendar, raudstilk, tjuvjo, fiskemåse, sildemåse, gråmåse, svartbak, makrellterne, raudnebbterne og teist.

- 13.6.95 blei det talt opp 25 toppskarv (hekking ikkje påvist), 32 grågås (av desse to par med 2 og 5 dunungar), om lag 100 ærfugl (fleire hoer med dunungar), 60 siland, 4 par tjeld, om lag 30 par gråmåse og 20 par svartbak, og 3 teist (på sjøen).
- 6.6.00 blei det talt opp om lag 15 toppskarv, 12 par grågås (hekking), 18 ærfuglhoer med ungar, 6 par tjeld, 1 par småspove, 1 par raudstilk, 5-6 par fiskemåse og om lag 20 par svartbak.
- 9.7.04 blei det registrert 20 toppskarv (kvileplass), 80 grågås, 90 ærfugl (flokk på sjøen), 1 tjuvjo, 2 fiskemåse, 12 svartbak + spreidde individ, og 25 terne (hekking).

Registrering 15.6.05, rundt 21:00, og 16.6.05 frå 07:50

Storøyna (utanfor reservatet): Grågås 60, gravand 2, storspove 3, enkeltbekkasin 2, oter 4.
Rundholmen: Grågås 1, svartbak 1 (rugande). Hamneholmen: Svartbak 1. Guridøyna: Svartbak 3 (1 rugande), kråke 1. Ognaholmane: Svartbak 22 (6 rugande), gråmåse 2 rugande, sildemåse 6, steinkobb 3. Midtfjordskjeret (utanfor reservatet): Toppskarv 30.

Smelvær samla:

Toppskarv	30 (kvileplass utanfor reservatet)
Grågås	60
Gravand	2
Storspove	3 (utanfor reservatet)
Enkeltebekkasin	2 (utanfor reservatet)
Svartbak	ca. 30
Gråmåse	2 par
Sildemåse	6
Kråke	1
Oter	4
Steinkobbe	3

Kommentar: Ilandstiging på Storøyna, men berre eit mindre område ved husa blei undersøkt.

Sjølv om Storøyna ligg utanfor reservatgrensene tar vi med observasjonane derfrå, da fuglane var innom reservatet og såg ut til å bruke mye av området under eitt (i alle fall grågås og gravand, mens spovane nok var meir knytt til Storøyna).

Grunnt farvatn gjer det vanskeleg å sjekke Smelvær grundig frå båt, men inntrykket er at det var lite fugl i området i år (som i fjor). Smelvær inneheldt den eine av tre registrerte ternekoloniar i fylket i 2004, men ingen ternar blei sett i år. Teist er ikkje observert i området etter 1995. Vi prioriterte ikkje å bruke mye tid i området fordi dei holmane vi kom greitt til var bortimot tome, og det ligg fleire viktige sjøfuglreservat i nærområdet.

Kuøyna

To øyar og nokre mindre holmar og skjer i den midtre skjergarden NV for Atløy. Myr og lynghei. Av påvist hekkande artar kan nemnast ærfugl, tjeld, steinvendar, vipe, enkeltbekkasin, raudstilk, fiskemåse, gråmåse, sildemåse og svartbak.

- 12.6.95 blei det observert om lag 15 par gråmåse og 8-10 par svartbak.
- 9.7.04 blei det registrert 3 svartbak.

Registrering 16.6.05, frå 08:20

Ytre Kuøyna: Ærfugl 11 (6 hoer), tjeld 5, storspove 5, svartbak 17 (3 rugande), gråmåse 2, kråke 1.
Lambholmen: Grågås 8, tjeld 1, svartbak 6, gråmåse 1, fiskemåse 2.

Kuøyna samla:

Grågås	8
Ærfugl	11 (6 hoer)
Tjeld	6
Storspove	5
Svartbak	23 (3 rugande)
Gråmåse	3
Fiskemåse	2
Kråke	1

Kommentar: Teljinga i 2004 blei gjort i første delen av juli, og ved mislukka hekking må ein rekne med at fuglane i stor grad har trekt vekk frå hekkeplassen på dette tidspunktet. Resultatet frå i år er nok meir representativt, men viser likevel at sesongen har vore svært dårleg for dei fleste artane.

Utanfor reservatet, på ein holme rett S for Lambholmen, såg vi 2 tjeld, 12 rugande fiskemåse (totalt 30 ind.) og 3 rugande sildemåsar. Sildemåse er ikkje registrert hekkande i Kuøyna NR sidan 70-talet.

Svarteskjeret

To holmar i den ytre skjergarden NV for Alden, med mindre parti rik vegetasjon mellom snaufjellet. Av påvist hekkande artar kan nemnast ærfugl, tjeld, gråmåse, svartbak, raudnebbterne og teist. **Ikkje sjekka i 2005.**

- 13.6.95 blei det talt opp 150 ærfugl (ungfuglar), 1 par tjeld og 4-5 par gråmåse. Beitespor etter grågås, og spor etter mink.
- 9.7.04 blei det registrert 5 gråmåse.

Kommentar: Holmen kan ha potensial for hekkande toppskarv, ettersom det finst nokre tilsynelatande attraktive bergskjeringar her. Men det blei ikkje observert skarv på eller ved holmen i 2004, så det er tvilsamt om det har vore nemneverdig hekking.

Senholmen

Holmen med fleire mindre skjer ligg i den midtre skjergarden mellom Atløy og Bulandet. Rik, fuglegjødsla flora. Av påvist hekkande artar kan nemnast grågås, ærfugl, tjeld, steinvendar, fiskemåse, gråmåse, svartbak og teist.

- 12.6.95 blei det talt opp 2 par grågås med 2 og 3 dunungar, 2 par tjeld, 45 par gråmåse, om lag 20 par svartbak, og 2-3 ind. av teist (på sjøen).
- 7.6.00 blei det under vanskelege vêrtilhøve (som hindra ilandstiging) talt opp om lag 40-50 toppskarv (hekking ?), 15 grågås, om lag 30 ærfugl (mest hannar), 80-100 par gråmåse, og om lag 30 par svartbak.
- 9.7.04 blei det registrert om lag 180 toppskarv (7 reir, 5 med ungar), om lag 50 par gråmåse, om lag 35 par svartbak, 2 par tjeld, og 8 teist (på sjøen).

Registrering 16.6.05, frå 08:40

Toppskarv	35-40 (19 reir, 16 med innhald)
Tjeld	4
Svartbak	ca. 30 (9 reir funne)
Gråmåse	ca. 60 (3 reir funne)
Teist	9 + 2 daude
Steinkobbe	23 på Senholmskjera

Kommentar: Ilandstiging på sjølve Senholmen.

Hekkebestanden av toppskarv på Senholmen blei i 2004 vurdert til 10-15 par, mens i alt 180 individ blei sett. I år registrerte vi berre 35-40 skarvar på staden, men fann 19 reir. Dette viser kor vanskeleg det er å vurdere ein hekkebestand berre ut frå talet på skarv, reirleding må til (sjå også teljingane i Moldvær og Ryggsteinen).

På grunn av relativt mange svartbak og gråmåse gjennomførte vi berre skarveområda for å bruke så kort tid som mogleg på land. Grasbakken blei derfor ikkje sjekka, og vi fann nok berre eit tilfeldig utval av måsereir i utkanten av hekkeplassen.

Teisten flokka seg også her på sjøen mens vi var på land, og dei ni individa blei sett samtidig. I tillegg fann vi to daude teist på land, som begge var påspiste (sannsynlegvis drept av fugl).

Ved passering av Senholmskjera 22.6. blei det sett 30 steinkobbe (klokka 20:40).

Skardholmen

Ligg i den midtre skjergarden, aust for Værlandet. Frodig, fuglegjødsla vegetasjon, grasdominert i vest og lyngdominert i aust. Av påvist hekkande artar kan nemnast toppskarv, ærfugl, tjeld, gråmåse og svartbak.

- 11.6.95 blei det talt opp 7 toppskarvreir med egg eller ungar, 10-12 ærfuglhoer (med ungar), 1 par tjeld, 1 par tjuvjo, og om lag 200 par gråmåse og 25 par svartbak.
- 8.7.04 blei det registrert om lag 45 toppskarv, 1 par tjeld, om lag 25 gråmåse, om lag 10 svartbak, 1 fiskemåse, og 7 steinkobbe.

Registrering 16.6.05, frå 10:00

Toppskarv	19 (11 reir sett)
Grågås	3
Tjeld	3
Svartbak	21 (3 rugande)
Gråmåse	78 (20 rugande)
Teist	2-3 (1 på land)
Steinkobbe	2

Kommentar: Hekkebestanden av toppskarv i 2004 blei vurdert til å ha kunne vore på 30-35 par, men det blei ikkje gjort ilandstiging. Det blei det heller ikkje gjort i år, men det viste seg mogleg å telje reir i fjellsprekkene direkte frå båten. I tillegg til dei 11 reira vi kunne sjå direkte, kom det skarv ut av sprekker vi ikkje hadde direkte innsyn i. Talet på reir kan derfor ligge på 12-14, og dette er reir som ved teljetidspunktet etter alt å døme var aktive (med innhald). Samla hekkebestand vurderer vi derfor til 15-20 par.

Skardholmen hadde eit relativt høgt tal hekkande gråmåse. Berre i få andre lokalitetar såg vi så mange som 20 rugande gråmåsar samla, men dette seier nok mest om dei svært dårlege tilhøva for måsane i fylket generelt.

Kvitingane

Ei samling på om lag 30 øyar, holmar og skjer i den midtre skjergarden, midt i Vilnesfjorden aust for Værlandet. Grunt jordsmonn, med vegetasjon dominert av lynghei og strandeng. Av påvist hekkande artar kan nemnast grågås, ærfugl, stokkand, siland, tjeld, vipe, steinvendar, tjuvjo, fiskemåse, gråmåse, svartbak, makrellterne og raudnebbterne.

- 11.6.95 blei det talt opp 4-5 par tjeld og nokre få par svartbak.
- 8.7.04 blei det talt opp 25 toppskarv (kvileplass), 16-20 gråmåse, om lag 30 svartbak, 1 tjuvjo, og 5 steinkobbe.

Registrering 16.6.05, frå 10:40

Geitekvitingen: Tjeld 2, svartbak 8, steinkobbe 2. Holmar V for Geitekvitingen: Grågås 2, tjeld 3, svartbak 14. Hansholmen: Svartbak 1 par (rugande), terner 2. Jørnkvitingen: Hegre 1, tjeld 1, svartbak 2, fiskemåse 2, terne 1, steinkobb 1. Leirkvitingen: Svartbak 6, gråmåse 1. Vardholmen og holmar mot N: Ærfugl 1 ho, tjeld 2, svartbak 4 (1 rugande), fiskemåse 1 rugande, terner 5 flygande. Søre Hjelparen: Ærfugl 1 ho, svartbak 1 på land, 6 flyg, gråmåse 2 flyg., steinkobbe 1. Nordre Hjelparen og holme i sør: Toppskarv 22 (5 ungfugl), gravand 1 hann, tjeld 5, svartbak 7, gråmåse 1, ramn 2, steinkobbe 14. Kobbevikskjeret: Tjeld 1, svartbak 2 flyg., gråmåse 1, fiskemåse 1.

Kvitingane samla:

Toppskarv	22
Hegre	1
Grågås	2
Gravand	1
Ærfugl	2 hoer
Tjeld	14
Svartbak	52 (2 rugande)
Gråmåse	5
Fiskemåse	4 (1 rugande)
Terner	8
Ramn	2
Steinkobbe	18

Kommentar: Det blei meldt om hekkesvikt i reservatet på midten av 90-talet, noko som kan ha vore relatert til problem med mink. Det ser ut som talet på fugl har tatt seg opp etter dette, men teljinga i år viser at hekkebestandane er små. Vi såg ikkje noko som tyda på at ternene hekka, og berre nokre få av dei rundt 60 måsane hadde egg eller ungar.

Raudøy

Ligg i midtre/indre skjergard, og består av den store Raudøya (419 dekar) i vest, den mindre Kjeøya i aust, og fleire mindre holmar og skjer mellom desse. Raudøya er flatlendt, dominert av myr og røsslyng, heva noko over ein skjerm av tre rundt strandsona. Tradisjonell og viktig hekkeplass for sildemåse og gråmåse. Av andre påvist hekkande artar kan nemnast grågås, ærfugl, siland, tjeld, vipe, småspove, steinvendar, fiskemåse, svartbak og teist.

- 11.6.95 blei det talt opp 12 grågås, om lag 15 ærfugl (ungfuglar), 4 par tjeld, 1 par tjuvjo, om lag 150 par sildemåse, 350 par gråmåse og 50-60 par svartbak. Spor etter oter.
- 7.6.00 blei det talt opp 5 toppskarv, 9 par grågås (hekking), 1 par kanadagås (hekking), 1 gravand, om lag 15 ærfuglhoer (fleire med ungar), 8 par siland, 6 par tjeld, 1 par storspove, og om lag 350 par sildemåse, 200 par gråmåse og 100 par svartbak.
- 8.7.04 blei det talt opp om lag 220 gråmåse, om lag 70 sildemåse, 7 par svartbak, 1 par siland og 1 teist.

Registrering 16.6.05, frå 12:00

Kanadagås	18
Gravand	1 par
Siland	3
Tjeld	2
Svartbak	ca. 50 (20 reir?)
Gråmåse	ca. 200 (70 reir?)
Sildemåse	ca. 200 (70 reir?)
Fiskemåse	3 (1 rugande)
Terner	2 (makrellterne)
Kråke	1

Kommentar: Ilandstigning på Raudøya.

Talet på sildemåse og svartbak er høgare enn i fjor, mens bestanden av gråmåse ser ut til å vere om lag den same. Talet på hekkefuglar er likevel langt mindre enn for fem år sidan; bestanden av sildemåse er om lag ein firedel, gråmåse halvparten og svartbak ein firedel. Dette kan neppe forklarast med naturlege variasjonar, da store deler av gråmåsebestanden og nesten heile fylkesbestanden av sildemåse var samla på Raudøy i år. Reirtelling blei gjort i eit transekt langs ryggen aust på Raudøya, der mange av reira låg. Av 80 reir var det innhald berre i 31, medrekna klekte ungar (klekkinga hadde nettopp tatt til, slik at det var egg i nokre reir og elles små ungar som framleis haldt seg nær reira). Når meir enn halvparten av reira er forlatne før klekking, er det nærliggande å tru at næringssituasjonen framleis er dårleg.

Ved teljinga i fjor var det lite svartbak i reservatet, og observatørane framheva dei nordre og sentrale delane av hovudøya som viktigast for måsane. Dette skuldast nok at teljinga blei gjennomført seint i sesongen og at produksjonen var nær null, slik at måsane ikkje var knytt til dei sentrale hekkeplassane lenger.

Krokholmen

Holme i indre skjergard sør for Atløy, med rik, fuglegjødsla vegetasjon. Tradisjonell hekkeplass for måsefuglar. Av påvist hekkande artar kan nemnast ærfugl, tjeld, steinvendar, raudstilk, fiskemåse, gråmåse, svartbak, makrellterne, raudnebbterne og teist.

- 5. og 11.6.95 blei det talt opp om lag 25 ærfugl (av desse 10 hoer med dunungar), 11 kanadagås (av desse 2 par med 4 og 5 dunungar), 1 par tjeld, 11 par hettemåse (reir), 50-60 par fiskemåse og 4-5 par svartbak.
- 7.6.00 blei det talt opp 3 par grågås, 2 par kanadagås (reir med 4 egg), 16 ærfuglhoer (fleire med ungar), 5 par tjeld, om lag 100 par fiskemåse, 30 par gråmåse og 30 par svartbak, 1 gauk og 1 par kråke.
- 8.7.04 blei det registrert om lag 15 svartbak.

Registrering 16.6.05, frå 12:00

Toppskarv	1
-----------	---

Kanadagås	2
Ærfugl	4 (3 hoer)
Siland	5
Tjeld	2
Svartbak	7
Gråmåse	2
Fiskemåse	10
Kråke	2

Kommentar: Reservatet har særleg vore viktig for fiskemåse, men denne arten hekka neppe i fjor og sikkert heller ikkje med særleg mange par i år. Teist har neppe hekka her etter dei beste "teisteåra" midt på 80-talet (1-2 par i 1984).

Prestøy

Reservatet dekker vestre delen av Prestøya og nokre mindre holmar, og ligg i indre skjergard like ved fastlandet. Tradisjonell hekkelokalitet for måsar (på ei myr inne på øya). Av påvist hekkande artar er kan nemnast tjeld, vipe, småspove, raudstilk, fiskemåse, gråmåse, sildemåse og svartbak.

- 5. og 13.6.95 blei det talt opp 10-15 par svartbak.
- 7. 6.00 blei det talt opp 4 par tjeld, 3 par svartbak, 5 par fiskemåse, 1 par storspove, 2-3 par enkeltbekkasin, 8 ærfuglhoer (fleire med årsungar) og 6 hettemåsar.
- 8.7.04 blei det registrert 1 svartbak.

Registrering 16.6.05, frå 13:35

Svartbak	1
Fiskemåse	4

Kommentar: Prestøy hadde i 1983/84 om lag 400 par fiskemåse, 200 par sildemåse, 100 par gråmåse og 50 par svartbak, og var ein av dei viktigaste hekkelokalitetane for måsar i Sogn og Fjordane. Reservatet er no øydelagt på grunn av granplanting og attgroing av lauvskog, og har ingen verdi for sjøfuglar før det blir rydda for skog.

Flatøy

Like sør for Prestøy, i overgangen mellom Dalsfjorden og Granesundet. Flatlendt øy, opphavleg med myr og røsslynghei. Av påvist hekkande artar er kan nemnast grågås, ærfugl, stokkand, siland, tjeld, vipe, enkeltbekkasin, steinvendar, småspove, storspove, strandsnipe, raudstilk, myrsnipe, tjuvjo, fiskemåse, gråmåse, svartbak og makrellterne.

- 5. og 13.6.95 blei det talt opp 1 par kanadagås (med 4 dunungar), 2 par tjeld, om lag 15 par fiskemåse og 3 par svartbak.
- 7.6.00 blei det talt opp 2 gråhegre, 45 grågås (hekking ?), 1 par kanadagås (hekking), 13 ærfuglhoer (fleire med årsungar), 2 par siland, 3 par tjeld, 2 gauk og 1 par kråke.
- 8.7.04 blei det registrert 1 svartbak og 1 fiskemåse.

Registrering 16.6.05, frå 13:20

Siland	2
Svartbak	1

Kommentar: Attgroing av lauvtre har redusert verdien av øya som hekkeplass for sjøfugl i ein slik grad at ho ikkje lenger synest å fylle viktige funksjonar for sjøfugl.

Kvannholmen

Ein liten holme tett oppunder land i Granesundet, av spesiell verdi for fiskemåse og ternar. Av påvist hekkande artar er kan nemnast tjeld, fiskemåse, raudnebbterne og makrellterne.

- 5.6.95 blei det talt 2 par kanadagås med 2 og 7 ungar, 1 par svartbak, 2 par fiskemåse og om lag 10 par makrellterne.
- 7.6.00 blei det talt opp 1 hegre, 1 par tjeld og 1 par svartbak.

Registrering 16.6.05, frå 13:45

Ærfugl	9 hoer
Fiskemåse	15 (3-4 rugande)

Kommentar: Kvannholmen gav eit positivt inntrykk i eit område som elles var prega av attgrodde holmar og lite sjøfugl. Holmen har i dag ein av dei største fiskemåsekoloniane langs kysten av Sogn og Fjordane, noko som mest av alt viser kor langt nede fiskemåsebestanden i fylket er.

Bunesholmane

To større og fem mindre holmar i ope farvatn i den midtre skjergarden SØ for Værlandet. Snau, men sjølv Bunesholmen har frodig vegetasjon mellom devonske svaberg. Av påvist hekkande artar er kan nemnast grågås, ærfugl, siland, tjeld, steinvendar, tjuvjo, gråmåse og svartbak.

- 11.6.95 blei det talt opp 18 grågås + eit ungekull, 3 par tjeld og 10-12 par svartbak.

Registrering 16.6.05, frå 17:50

Havørn	1 (nesten vaksen, 4K)
Tjeld	3
Svartbak	2
Gråmåse	8
Fiskemåse	30
Terner	70

Kommentar: Fiskemåsane og ternene flaug rundt ørna og varsla, og verka ikkje interesserte i å returnere til eventuelle reir. Dei fuglane som landa, sette seg i stor grad på svaberga, og det er lite truleg at ternene hekka. Fiskemåsane kan ha hatt nokre par på sjølv Bunesholmen.

Myrbærskjera

Ei samling holmar og skjer i ope farvatn i den midtre skjergarden, i Buefjorden vest for Lutelandet. Trass i fjell i dagen og grunnlendt jordsmonn, er det ein frodig blomsterprakt i reservatet. Av påvist hekkande artar er kan nemnast ærfugl, tjeld, steinvendar, tjuvjo, fiskemåse, gråmåse, svartbak, raudnebbterne, makrellterne og teist.

- 11.6.95 blei det talt opp 11 grågås (ikkje hekkande), om lag 10 ærfugl (fleire hoer med dunungar), 2 par tjeld, 1 par tjuvjo, og om lag 220 par gråmåse og 40 par svartbak.
- 8.7.04 blei det registrert 14 svartbak og 10 gråmåse.

Registrering 16.6.05, frå 17:00

Holmar i SV: Ærfugl 1 par, tjeld 3, svartbak 6 par, gråmåse 4 par, sildemåse 4 par (alle rugande), fiskemåse 1, terner 75, steinkobbe 2. Holmar i NØ: Svartbak 13 (3 rugande), gråmåse 31 (7 rugande), sildemåse 2, fiskemåse 9.

Myrbærskjera samla:

Ærfugl	1 par
Tjeld	3
Svartbak	25 (9 rugande)
Gråmåse	29 (11 rugande)
Sildemåse	2
Fiskemåse	10
Terner	75
Steinkobbe	2

Kommentar: Ein tradisjonelt viktig hekkelass for måsar, og situasjonen sett under eitt med bra aktivitet i år. I 1984 hekka det om lag 150 par terner på Myrbærskjera (120 par raudnebbterne), men hekkande terner er ikkje registrert ved seinare teljingar. Ved teljinga i år kunne det sjå ut som 4-5

terner låg på reir, men vi vurderer det som lite truleg at dette var tilfelle på det vegetasjonslause svaberget der resten av fuglane tydelegvis berre sat samla og kvilte.

Marksjiktet er både frodig og svært tett, og dette kan gjere deler av holmane mindre eigna som hekkeplass for sjøfugl. Vi veit likevel ikkje om vegetasjonen har endra seg vesentleg dei siste åra, da den også tidlegare er omtalt som "frodig og artsrik" (Godø 1991). Teist har ikkje vore registret ved teljingar i reservatet etter 1978.

Sakrisøy

Ei større øy og eit tjuetals holmar og skjer i den indre skjergarden, ved innløpet til Åfjorden i Hyllestad. Lynghei og fattigmyr, etter kvart gjenvakse med einer, bjørk og rogn. Eit plantefelt på Luten heilt i aust skriv seg nok frå tida før Sakrisøy (Hatløya) blei fråflytt på 50-talet. Av registrert hekkande artar kan nemnast grågås, tjeld, steinvendar, svartbak, gråmåse, sildemåse, fiskemåse, makrellterne, raudnebbterne og tjuvjo. Området er også av stor verdi som rasteplass og vinterområde, og er verna som våtmarksreservat.

- 5.6.95 blei det registrert 18 grågås (6 par med 2-6 dunungar), 45 ærfugl (fleire med egg eller dunungar), 5 par tjeld, 2 par storspove, om lag 30 par svartbak, om lag 80 par fiskemåse og om lag 75 par makrellterne.

Registrering 16.6.05, frå 15:40

Toppskarv	12
Grågås	15
Kanadagås	7
Ærfugl	8 (2 hoer)
Tjeld	13
Storspove	1
Steinvendar	1
Svartbak	12 (4 rugande)
Gråmåse	7 (6 rugande)
Fiskemåse	7 (6 rugande)
Teist	2
Kråke	1
Steinkobbe	2

Kommentar: Bortsett frå grågås og tjeld var det lite fugl å sjå på hovudøya, men vi gjekk ikkje i land. I ein dårleg sesong gav området elles eit godt inntrykk, særleg med tanke på den dårlege tilstanden i mange andre område i indre skjergard. Men det er eit langt stykke igjen til dei observerte hekkebestandane i 1983/84, med 220 reir av fiskemåse, 80 av gråmåse, 40 av sildemåse, 20 av svartbak og på det meste 345 ternereir.

Ramsholmen

To større holmar og to mindre, som etter kvart har blitt tilvaksne med rogn, gran og buskfuru. Av påvist hekkande artar kan nemnast ærfugl, tjeld, strandsnipe, tjuvjo, fiskemåse, gråmåse og svartbak.

- 10.6.95 blei det registrert 12 par svartbak og 15 par fiskemåse, forutan spor etter grågås.

Registrering 16.6.05, frå 16:30

Siland	2
Tjeld	1
Svartbak	3
Gråmåse	1
Fiskemåse	3
Terne	1

Kommentar: Lille Ramsholmen var attgrodd med stor rogn og gran, og delar av Årsholmen med buskfuru. Det hekkar hegre i buskfuruene i 1984, og elles ærfugl, vipe, svartbak og terne – men det har ikkje vore snakk om store tal i denne lokaliteten.

Gåsvær

Stort reservat nordvest i Solund kommune, med fleire øyar, holmar og skjer. Busetnad på sjølve Gåsværet, som ikkje er freda. Rik, fuglegjødsla vegetasjon dei fleste stader. Av påvist hekkande artar er kan nemnast toppskarv, grågås, ærfugl, siland, tjeld, steinvendar, småspove, raudstilk, tjuvjo, fiskemåse, sildemåse, gråmåse, svartbak, raudnebbterne, makrellterne og teist.

- 10.6.95 blei det talt opp om lag 85 toppskarvreir, om lag 40 vaksne grågås, av desse 6 par med 2-6 dunungar, om lag 450 vaksne ærfugl (200 hoer med dunungar), 13 par tjeld, 2 par raudstilk, rundt 500 par gråmåse, 120 par sildemåse og 300 par svartbak, om lag 225 par raudnebbterne og 20 individ av teist.
- 7.7.04 blei det talt opp 45 toppskarv (2 reir), om lag 30 gråmåse, om lag 25 sildemåse, og om lag 40 svartbak på Lyngøy; og 1 toppskarvreir, 2 fiskemåse, 12 gråmåse, 20 sildemåse og 35 svartbak på Kråkesteinen.

Registrering 22.6.05, frå 10:25

Littleværet og holmar rundt: Havsule 3 flyg., toppskarv 8, grågås 29 (av desse 2 par med ungar), ærfugl 47, tjeld 1, svartbak 27, gråmåse 9, sildemåse 1, fiskemåse 7, terne 15 flyg., teist 2, lunde 2 flygande mot nord.

Skjerdingen og holmar: Havhest 1 flyg., toppskarv 16 (Skjerdingen: 8 reir, 7 med innhald), ærfugl 29 (7 hoer), svartbak 2, sildemåse 1, fiskemåse 2 reir, ternar 2 (med mat), teist 2, kråke 1.

Kråkesteinen og øyane rundt: Toppskarv 3 reir (Lægdesteinen 2 med innhald, Låna 0, Vardesteinen 1 med innhald), grågås 28, ærfugl 460 (20 hoer) +55 hannar i flokk nærare Gåsvær, tjeld 6, svartbak 150 (25 reir), gråmåse 50 (12 reir), sildemåse 6, fiskemåse 10, ternar 14, teist 8.

Plittane: Toppskarv 35 (Fugleplitten 14 reir, 11 med innhald; Storeplitten 1 reir med innhald), ærfugl 11 hannar, tjeld 7 + unge, svartbak 22 (10 reir), gråmåse 5, sildemåse 1 reir, fiskemåse 5 (1 reir), ternar 80, teist 1, kråke 2, havert 1.

Gåsvær samla:

Havsule	3
Havhest	1
Toppskarv	65 (26 reir, 22 med innhald)
Grågås	57 + to ungekull
Ærfugl	600
Tjeld	14 + unge
Svartbak	200 (35 reir)
Gråmåse	65 (12 reir)
Sildemåse	10 (1 reir)
Fiskemåse	26 (3 reir)
Terner	110
Teist	13
Lunde	2
Kråke	3
Havert	1

Kommentar: Ilandstiging på Skjerdingen, Lægdesteinen, Låna, Vardesteinen og Fugleplitten.

Det blei i fjor anslått at det kunne hekke om lag 10 par toppskarv i området under eitt, mens reirsøk i dei kjente hekkeplassane i år førte til 26 reirfunn. Til samanlikning blei det talt opp 142 reir i 1984 og 85 reir i 1995, så toppskarvane har utvilsamt hatt dårlege sesongar i Gåsvær dei siste åra. På Låna fann vi fleire eigna hekkeplassar som ikkje hadde vore i bruk på fleire år.

Måsane hekka i Gåsvær i år, og vi fann fleire reir som nesten alle hadde dunungar. Fuglane har med andre ord ikkje gitt opp tidleg i sesongen, men vi kan naturlegvis ikkje seie noko om overlevinga fram til flygedyktig alder. I alle tilfelle er hekkebestandane av alle måseartane dramatisk redusert sidan 1995.

Ifølgje dei fastbuande hadde 10-15 par ternar prøvd å hekke ved Gåsværet i fjor, men gitt opp dei siste dagane i juni. Vi fann ikkje teikn til hekking i år.

Teisten har også svak bestand i Gåsvær, sjølv om vi fann 13 individ. Null observerte teist i fjor skuldast nok seint teljetidspunkt (juli) og at det ikkje blei gjort ilandstiging i hekkeområda.

Utvær

Om lag femti øyar, holmar og skjer i eit gruntområde med velutvikla stortareskog. Den vestlegaste øygruppa i Norge. Fuglelivet i området har vore kartlagt frå slutten av 1800-talet. Av påvist hekkande artar er kan nemnast toppskarv, grågås, ærfugl, siland, tjeld, steinvendar, raudstilk, tjuvjo, fiskemåse, gråmåse, svartbak, krykkje, raudnebbterne, makrellterne, lomvi, alke, lunde og teist.

- 9.6.95 blei det talt opp 15 havhest (minst 2 reir med hekking), om lag 150-200 par toppskarv, 15 grågås (av desse to par med 2 og 4 dunungar. NB: dei beste gåseområda ikkje talt pga. dårleg ver), om lag 240 ærfugl (av desse 40 hoer, dei fleste med dunungar), 6 par tjeld, 200-250 par gråmåse, om lag 50 par svartbak og om lag 60 par raudnebbterne.
- 7.7.04 blei det registrert 100-150 toppskarv (3 reir påvist, overslag 40-60 reir), om lag 900 ærfugl (myteflokk + nokre få hoer med ungar), om lag 40 svartand, 3 tjeld, om lag 120 svartbak, 90-100 gråmåse, 6 fiskemåse, "få" ternar, 4 teist (1 reir påvist), og 3 lunde.

Registrering 22.6.05, frå ca. 14:00

Nordholmane: Toppskarv 28, grågås 24, ærfugl 165, småspove 1, svartbak 10, alke 1 flygande nord, steinkobbe 5.

Nordre Kvannskjeret m/holmar: Toppskarv 15 (12 reir, 10 med innhald), grågås 16, ærfugl 50, steinvendar 1, svartbak 25, fiskemåse 1, teist 1, lunde 1, steinkobbe 1.

Søre Kvannskjeret m/holmar: Toppskarv 3 reir utan innhald, grågås 57, ærfugl 35, småspove 2, svartbak 45, gråmåse 16, sildemåse 15, teist 4, kråke 1 reir med 5 ungar.

S. Kvannskjeret – Svina (open sjø): Svartbak 50, gråmåse 16, sildemåse 6, storjo 1, teist 3.

Steinsøyna: Toppskarv 23 (13 reir, alle med innhald), ærfugl 2 reir, tjeld 4, svartbak om lag 20 (6 reir), ternar 10-12 varslende.

Bakholmen: Ærfugl 1 reir.

Kuøyna: Svartbak 3, sildemåse 1 (på skjer), terne 1.

Begla: Toppskarv 50 (21 reir, 12 med innhald), havørn 3 (2 vaksne, 1 ungfugl), tjeld 1, svartbak 8, gråmåse 1, ramn 1 reir med ungar (3-4?)

Utvær samla:

Toppskarv	122 (49 reir, 35 med innhald)
Havørn	3 (2 vaksne)
Grågås	97
Ærfugl	250 (3 reir funne)
Tjeld	5
Småspove	3
Steinvendar	1
Svartbak	160 (6 reir funne)
Gråmåse	33
Fiskemåse	1
Sildemåse	22
Terner	10-12
Storjo	1
Alke	1
Teist	8
Lunde	1
Kråke	1 reir
Ramn	1 reir
Steinkobbe	6

Kommentar: Ilandstiging på Nordre og Søre Kvannskjeret, Indre Steinsøyna, Bakholmen og Begla. Sterk reduksjon i hekkebestandane av nesten alle artar. Her som elles i fylket kjem toppskarven litt betre ut enn dei andre artane, men hekkebestanden også av denne arten er berre ein brøkdel av det den var for 10 til 20 år sidan. I 1983 blei det talt opp rundt 1700 toppskarv og 289 reir. Dette er det største talet som ligg føre frå teljingane ved Utvær, mens dei andre større skarvekoloniane i fylket (Askvoll) først fekk sine toppnoteringar ti år seinare. Teljinga i Utvær i år bør gi eit godt inntrykk av hekkebestanden, da det blei gjort ilandstiging og teljing på alle tidlegare kjende hekkeplassar utanom Tussen (vi såg ikkje teikn til hekking på denne holmen, som tidlegare berre har hatt ein handfull

hekkande par). Teljinga i fjor blei utført frå kystvaktskip og gav ikkje god dekning av hekkeplassane, men overslaget som blei gjort for hekkebestanden stemmer nokolunde med resultatet i år.

Det kan sjå ut som sjøfuglbestandane i Utvær har hatt ein jamnare tilbakegang over tid enn det som gjeld generelt i fylket. Alle artar av alkefugl er no så godt som borte, berre teist og nokre få individ av lunde ser ut til å vere tilbake. Av lunde registrerte Godø (1991) om lag 200 par i 1978, 323 par i 1983 (Godø 1983), og 148 par i 1984 (Godø 1984). Arten er ikkje nemnt frå teljingane i 1995, og ser no ut til ikkje lenger å hekke i området. Det same gjeld alke og lomvi, som har hatt små, men faste bestandar på 10-20 par fram til dei siste teljingane på 80-talet.

Talet på teist i Utvær dei siste åra er lite samanlikna med tilhøva i Askvoll, særleg med tanke på at Utvær er om lag like stort som Moldvær, Ryggsteinen og Håsteinen til saman. I 1983 blei det talt opp 105 teist, som er toppnotering for denne arten i Utvær.

For måsane ser situasjonen også dårleg ut, og sjølv om vi fann reir med svartbakungar har det nok ikkje kome nemneverdig med ungar på vingane.

Indrevær

Eit stort tal øyar, holmar og skjer i eit gruntområde med velutvikla stortareskog mellom Utvær og Ytre Sula i Solund. Av påvist hekkande artar er kan nemnast grågås, ærfugl, siland, stokkand, tjeld, småspove, steinvendar, raudstilk, strandsnipe, tjuvjo, fiskemåse, gråmåse, sildemåse, svartbak, raudnebbterne, makrellterne og teist. Området blei **ikkje talt opp i 2005** på grunn av manglande tid og aukande vind.

- 9.6.95 blei det talt opp 10 toppskarv på kvileplass, 1 par grågås med 3 dunungar, om lag 60 ærfugl (fleste hoer) og om lag 25 par svartbak spreidd over det meste av området. Det var dårlege vêrtilhøve i området.
- 7.7.04 blei det talt opp 2 toppskarv (hekking?), 30 svartbak, 6 gråmåse, 70 ærfugl + fleire ungekull.

Kommentar: Teljingane i 2004 blei konsentrert rundt Håøy i den nordlege delen av området, og var ikkje særleg systematiske. Både resultata frå 1995 og 2004 er ufullstendige, men det er elles påfallande kor like resultata er. I år blei det på veg gjennom området berre registrert 25 ærfugl på sjøen vest av Lyngholmen.

Oddeholmene

Ligg ved sørspissen av Steinsundøya ytst i Sognesjøen, og består av om lag ti holmar og skjer med berg i dagen og strandeng. Av påvist hekkande artar er kan nemnast ærfugl, tjeld, steinvendar, gråmåse, svartbak og raudnebbterne. **Ikkje talt i 2005.**

- 8.6.95 blei det talt opp 10 grågås (av desse eit par med 4 dunungar), om lag 35 ærfugl (fleste hoer), 4 par tjeld, 230 par gråmåse og 40 par svartbak.
- 7.7.04 blei det talt 2 toppskarv, om lag 10 gråmåse og 25-30 svartbak.

Kommentar: 1995 var eit spesielt godt år for gråmåse. I 1978 var bestanden på 50-60 par, i 1983 120 par, og i 1984 20 par.

Utvikling i hekkebestandane av utvalde artar

Vi viser her utviklinga i hekkebestandane av fire utvalde sjøfuglartar i perioden frå om lag 1978 til 2005, da det er gjort meir eller mindre fylkesdekkande undersøkingar (Godø 1983, 1984, 1991, 1995, 2000, Larsen 2005, denne rapporten).

Teljingane i 1983 og 1984 blei gjort i samband med utarbeidinga av ein verneplan for sjøfugl (Godø 1991), og dekkjer heile fylket med berre nokre få unntak. Teljingane i 2000 dekkjer berre den nordlege delen av fylket frå Selje til Askvoll, og berre den midtre og indre skjergarden. I sesongane 1994/95 og 2003/04 blei fylket delt opp slik at den nordlege delen (Selje-Bremanger) blei talt opp første året, og resten av fylket året etter. Overlappende teljingar viser at åra 1994 og 1995 var ganske like for dei fleste artar. I tabellane under er dei to åra ikkje slått saman, men det bør altså vere mogleg å gjere dette for å få eit oversyn over situasjonen for sjøfuglane i heile fylket midt på 90-talet. Teljingane i 2003 og 04 kan derimot ikkje slåast saman. Dette skuldast at det etter alt å dømme har skjedd ein drastisk reduksjon i næringstilgangen for sjøfuglane forut for hekkesesongen 2004. Meldingar frå lokalkjente i 2003 indikerte at sjøfuglane begynte å få problem allereie då, men teljingane som blei gjort tyder på at det store samanbrotet i næringstilgangen først kom etter hekkesesongen 2003.

I tabellane har vi plukka ut dei sjøfuglreservata som er kjente hekkeplassar for dei enkelte artane, og som blei undersøkte i 2003/04 eller 2005. Med unntak for teist viser tala hekkande par (reir) i reservata. Grøne tal viser dei største tala kvart enkelt år.

Toppskarv

(tal reir)	~ om lag		? usikkert tal		- arten ikkje observert		() ikkje talt		
Reservat	1978	1983	1984	1994	1995	2001	2003	2004	2005
Høgjellet	~10	-	-	<10			5		
Einevarden	15-20	~20	5	?		- ²⁰⁰⁰	20		~15
Stallbrekka		>5	5-6	-		- ²⁰⁰⁰	6		?
Klovningen		-	5	-			13		15-20
Veststeinen		37	23	80			10		10
Ytterøyane			- ^{dårlig ver}	-	2?	35	56	29	~30?
Moldvær		36	61		~300			54	165
Ryggsteinen	34	26	74	324		63	183	70	67
Håsteinen	~5	-	4	-				-	-
Senholmen		-	-		-	?		10-15	19
Skardholmen	~5	13	12		>7			15-30?	15-20
Gåsvær	153	128	142		~85			10-15	26
Utvær	~130	289	281		165-215			40-60	49

Dei fleste skarvekoloniane er såpass små at det er vanskeleg å seie noko om ein tendens i utviklinga, men nyetableringa i Ytterøyane peiker seg positivt ut. Tendensen er aukande sjølv om ein reknar med dei to siste sesongane, som har vore dårlege for stort sett alle artar og alle reservat. Veksten i Ytterøyane har vore så rask at den må skuldast "innvandring" frå andre område, og da peiker Askvoll-koloniane seg ut som dei mest sannsynlege kandidatane. Dette tyder på at det har vore ei avskalling i Ryggsteinen/Moldvær-komplekset etter at eit lokalt krakk følgde toppåra først på 90-talet, men at hekkebestandane har vore på veg opp igjen med litt variasjon dei siste åra. Tyngdepunktet i Moldvær/Ryggsteinen ser ut til å kunne skifte frå år til år.

Utviklinga av hekkebestandane i Gåsvær og Utvær i Solund peikar seg negativt ut. Ulikt skarvekoloniane i Askvoll, som synest å variere mye frå år til år rundt ein snittverdi, kan talet på hekkande par særleg i Gåsvær sjå ut til å ha gått jamt ned over fleire år - og har nådd eit botnnivå. Teljingane i 2004 blei ikkje gjort spesielt grundig i Gåsvær og Utvær, slik at tala på hekkande par berre er overslag – truleg er dei ganske like tala for 2005. Dessverre manglar tal for åra mellom 95 og 04.

Hekkebestanden i Veststeinen er også sterkt redusert frå 94 til 03 og 05. Dette er interessant fordi næringssvikten i Nordsjøen sannsynlegvis ikkje hadde sett inn for fullt i 2003.

Teist

(p=par, elles individ)	~ om lag	? usikkert tal		- arten ikkje observert			() ikkje talt		
Reservat	1978	1983	1984	1994	1995	2000	2003	2004	2005
Høgfjellet	-	-	-	2-3p		-	1		
Sildekruna		~2p	-	-		-	2		
Lysholmen		2p	-	-		-	8		
Einevarden	-	-	8	-			3		-
Stallbrekka		-	-	2-4?			8		-
Klovningen		17	8	-			6		9
Veststeinen		14	-	-			9		2
Vengane		-	4			-		-	1
Frøyskjera		-	10					2	-
Rognane		-	-	-	-	3		-	-
Hovdefjell		-	-	-	-	8		-	-
Aralden								-	4
Ytterøyane			2	dårleg ver	-			1	5
Kvalsteinane		-	12		-	12(25?)		-	1
Smelvær		-	6		3	-		-	-
Moldvær		~20	65		25			~30	~30
Ryggsteinen	10-15p	46	120					~15	25
Håsteinen	~20p	11	85		10			-	-
Svarteskjeret	~10p ⁷⁹	-	8		-			-	
Senholmen	2p	2	4		2-3	-		8	11
Skardholmen					-			-	2-3
Raudøy		-	2		-	-		1	-
Krokholmen	1-2p	-	2		-	-		-	-
Myrbærskjera	2p	-	-		-			-	-
Ønaholmane		3	8						
Gåsvær	~30p	46	115		~20			-	13
Utvær	~30p	105	65		dårleg ver			4	8
Indrevær	~10p	10	36		dårleg ver			-	
Oddeholmane		2	-		-			-	
Torsholmane		5	-		-				
Lihellene	~5p ⁷⁷	-	3		2				

Det er vanskeleg å få gode tal for hekkande par av teist, derfor er i dei fleste tilfelle talet på observerte individ gitt i tabellen. Sjølv om arten er vanskeleg å telje, viser tala så stor samvariasjon at det er rimeleg å tru at endringar i hekkebestandane er fanga opp av teljingane.

Mens områda i Solund (Gåsvær, Utvær, Indrevær) fram til 80-talet var dei klart viktigaste hekkeplassane for teist i Sogn og Fjordane saman med ytre Askvoll (Ryggsteinen, Moldvær og Håsteinen), blei det ved teljingane i 2004 berre registrert 4 teistar i Utvær og ingen i Gåsvær og Indrevær. Rett nok var teljingane noko avgrensa i omfang og seint i sesongen, men resultatane blir stadfesta av lokalkjente som peikar på at talet på teist i Solund generelt har minka jamt og trutt over fleire år. I år blei det gjennomført grundigare teljingar på land, og langt fleire teist blei sett. Resultatane er jamt over betre enn fjoråret i dei fleste reservata i fylket, men tala er i utgangspunktet så små at ein ikkje kan leggje særleg mye i dette. I reservata i Askvoll har det jamt over vore bra med teist ved alle teljingane, men med ein markert topp i 1984. I fjor hadde naboreservata Moldvær og Ryggsteinen meir enn 2/3 av alle registrerte teist i fylket sør for Bremanger kommune, i år har dei drygt halvparten.

Teljeresultatane i Kvalsteinane i 2000 er noko usikre, rapporten oppgjer 12 registrerte teist i artsomtalen, men 25 individ i omtalen av reservatet. Tala for Kvalsteinane er i alle høve interessante, da det i tre av teljingane ikkje er registrert teist i reservatet, mens det i 1984 og 2000 er blant dei beste teisteområda i fylket.

Gråmåse

(hekkande par)	~ om lag			? usikkert tal		- arten ikkje observert			() ikkje talt
Reservat	1978	1983	1984	1994	1995	2000	2003	2004	2005
Flatholmen	~30 ⁸⁰	~20	~45	~75		100	~30		
Sildekruna		470	435	~350		~400	~150		
Lysholmen		~20	15-20	~160	~150	~30	5-6		
Stallbrekka		~10	~30	~100			~10		~20
Klovningen		~110	5	~10			60-70		25-30
Veststeinen		90	~80	500-600			15-20		~25
Vengane		6	11			?	dårleg ver	3-5	2-4
Frøyskjera		85	~80					2-5?	~20
Hovdefjell		~900	~600	~1000	~1200	~1500		25	~20
Ytterøyane			-	dårleg ver	~215			0-3?	5-10
Kvalsteinane		80	41		~350	350		2-5?	15-20
Gulholmen	~10 ⁷⁹	15	~30		~50	~100		-	8
Trefotskjæra	-	-		~40	-			1-2?	1?
Smelvær	80-100 ⁸⁰	~65	~60		~30	-		-	1-2
Moldvær		>100	52		250			5-10?	10-15
Ryggsteinen	10	12	-					-	2-5
Håsteinen	~100	35	25		-			-	2-5?
Svarteskjeret	~25 ⁷⁹	~15	~20		4-5			1-2?	
Kuøyna	~40	~60	65		~15			-	-
Senholmen	~20	-	3		45	80-100		~20?	15-20
Skardholmen	110	~180	~120		~200			5-10?	20
Raudøy	~50 ⁸⁰	~70	~175		~350	~200		50-100?	70-90
Krokholmen	~10	14	45		-	~30		-	1?
Prestøy		~150	~55		-	-		-	-
Kvitingane	10-15	-	-		-			2-5?	-
Myrbærskjera	~50	~35	~125		~220	-		2-5?	11
Gåsvær	~125	~160	225		~500			5-15?	15-20
Utvær	~40	~90	~90		200-250?	dårleg ver		10-20	5-10
Indrevær	~175	~120	~30		-	dårleg ver		2-3?	
Oddeholmane	50-60	~30	~20		~230			2-3?	

Det går fram av tala frå dei seks nordlegaste reservata i tabellen at nedgangen i hekkebestandane av gråmåse var i gang i 2003, mens situasjonen i 2000 var normal til god. Talet på hekkande par (reir) i 2004 og 2005 er høgst usikre. Sjølv om det berre blei gjort ilandstiging i eit utval reservat i 2004, var det heilt klart at på det tidspunktet registreringane blei gjort var det svært få gråmåsar som faktisk hadde avkom. Av konkrete observasjonar blei tre rugande fuglar sett i Vengane og ein i Kvalsteinen 21.6, og det blei observert dunungar ("påfallande få") på Raudøy 8.7. Dette er alt som ligg føre frå dei undersøkte reservata. I tillegg blei det observert at gråmåsen hadde ungar på Kjerringholmen nord for Atløy (ikkje reservat). Fleire måsar kan naturlegvis ha hekka tidlegare i sesongen, men gitt opp hekkinga – eller dei har ikkje hekka i det heile tatt. I 2005 såg vi fleire gråmåsar som låg på reir, og det blei funne ungar, slik at situasjonen nok var betre enn i 2004 (tala for 2004 er noko justerte i høve til rapporten for 2003/04, pga. samkøyring av metodikk).

Talet på hekkande par på Raudøy er usikkert; det blei talt om lag 200 vaksne gråmåsar i år, noko som kan bety ein stad mellom 50 og 100 hekkande par alt etter kor stor ein vurderer sjansen for at det vil vere igjen ikkje-hekkande fuglar. Truleg er talet om lag det same som i fjor, sannsynlegvis 70-90 hekkande par

Tilstanden for svartbak liknar mye på gråmåsen. Sjølv om litt fleire ungar blei observert, var det klart at det store fleirtalet også av denne arten ikkje hadde avkom da teljingane blei gjennomført i 2004. Ut frå dei observasjonane som blei gjort i år, er truleg hekkebestanden av svartbak om lag like stor som hekkebestanden av gråmåse.

Terner

(par)	~ om lag		? usikkert tal		- arten ikkje observert			() ikkje talt	
Reservat	1978	1983	1984	1994	1995	2000	2003	2004	2005
Flatholmen		-	~5	-		-	-		
Sildekruna		-	~90	-		-	-		
Vengane	~25 ⁸⁰	-	~25			-		-	-
Rognane		32	~40	-	-	-		-	-
Frøyskjera		118	~60					-	-
Hovdefjell	30-40	-	-	-	-	-		-	-
Ytterøyane	15-20		- dårleg ver	~75				-	-
Kvalsteinane		~50	235		40-50	-		-	-
Gulholmen	20-25 ⁷⁹	-	-		-	-		-	-
Trefotskjæra	50-60 ⁷⁷	20		~60	-			-	-
Smelvær	~300 ⁸⁰	-	195		-	-		~10	-
Moldvær		~45	22		-			-	-
Ryggsteinen	10-20	85	~20					-	-
Håsteinen	~70	21	~170		~120			-	-
Krokholmen	~45	35	40		-	-		-	-
Flatøy		~30	-		-	-		-	-
Kvitingane	~95	-	~20		-			-	-
Myrbærskjera	-	~60	~150		-			-	?
Gåsvær	~50	~35	35		~225			10-15?	-
Utvær	~50	21	30		~60			10-15?	-
Indrevær	~475	~1100	~550		- dårleg ver			-	
Oddeholmane	~110	~90	~10		-			-	

Begge terneartane er behandla under eitt i tabellen, da dei kan vere vanskelege å skilje frå kvarandre, og kjeldematerialet til dels heller ikkje skil mellom artane. Raudnebbterna ser likevel ut til å vere den klart vanlegaste arten i dei undersøkte sjøfuglreservata.

Ternene hadde bra hekkesesongar fram til og med 1984 (med mindre naturlege svingingar og forflytting mellom hekkeplassar), men etter dette har stadig fleire hekkeplassar blitt ståande tome. I 2004 blei terner funne hekkande berre i tre små koloniar (to av desse hadde allereie gitt opp hekkforsøket da teljinga blei gjort), mens vi i 2005 ikkje klarte å påvise hekking. Teljingane har hatt ein klar fokus på sjøfuglreservata i ytre del av skjergarden, der raudnebbterna tradisjonelt har vore mest talrik. I den indre skjergarden pleier makrellterna å vere vanlegast, og det kan vere at situasjonen er betre der. Det ligg såleis føre opplysningar om to hekkeplassar som har vore i bruk i år: Om lag fem par i Vetlefjorden (Balestrand), og tilsvarande frå Sandane i Nordfjord (Gloppen). Men rapportar frå lokale kjentfolk tyder på at det ikkje har vore nemneverdig hekking av terner verken i ytre eller indre del av kysten på fleire år.

Artsvis vurdering

Det blir her gitt ei vurdering av bestandssituasjonen for ulike artar både på lengre og kortare sikt. *Endringar i perioden 1995-2005 er vurdert ut frå registreringar i 34 reservat som alle blei talt opp både i 1995 og 2005.* Symbola ved artsnamnet baserer seg på desse endringane, og viser følgjande:

- ↑ Bestanden meir enn dobla frå 1995 til 2005
- ↗ Auke, men mindre enn dobling frå 1995 til 2005
- Stabil bestand (variasjon med mindre avvik enn +/- 20%) frå 1995 til 2005
- ↘ Nedgang, men mindre enn halvert frå 1995 til 2005
- ↓ Bestanden meir enn halvert frå 1995 til 2005

Berre ti reservat er talde opp ved kvar einaste sjøfuglteljing mellom 1983 og 2005. Desse tala blir vist til for enkelte artar.

Havhest ↓

Ein fåtallig hekkefugl i fylket. Arten held seg ved hekkeplassen til langt ut på ettersommaren, og teljetidspunktet er derfor til vanleg ikkje kritisk. I dei undersøkte lokalitetane blei havhest i år berre registrert sitjande i fjellet på ein lokalitet, Stallbrekka (10 par), forutan nokre individ i lufta ved Einevarden og Veststeinen som kan tyde på hekking. I 2003 hekka havhest truleg på Veststeinen (3 par).

I 2000 blei havhest også registrert ved Høgfjellet (få av sjøfuglreservata i ytre skjergard blei sjekka det året), i 1994 ved Høgfjellet, Einevarden, Stallbrekka og Veststeinen. Godø (1995) oppgir at bestanden var relativt stabil frå 1984 til 1995, og anslår bestanden i heile fylket til om lag 100 revirhevdande par. Samanliknar vi tal frå reservat som blei talte både i 1995 og 2005, har hekkebestanden av havhest gått ned frå **51** til **15** par på ti år.

Toppskarv ↘

Godø (2000) meiner at toppskarven kan ha hatt ein positiv utvikling i Sogn og Fjordane, og i Hordaland har det vore nokre nyetableringar dei siste åra (m.a. Holmengrå) som tilsynelatande underbyggjer dette. Tala frå 2000 var dessverre svært mangelfulle med tanke på dei viktigaste toppskarvkoloniane, og med det datatilfanget vi no har kan situasjonen oppsummerast betre.

Frå slutten av 70-talet og framover har bestanden halde seg ganske stabil, med eit markert tyngdepunkt i Solund (Gåsvær og Utvær). Ein markert topp i hekkebestandane kom midt på 90-talet, med 425 hekkande par i Ryggsteinen i 93 og 324 i 94, og vel 300 i Moldvær i 95. Hekkebestandane i Gåsvær og Utvær i sør hadde på dette tidspunktet gått ned med ein tredel, og Askvoll tok over som tyngdepunkt i fylket. Dei neste tala (2001) viser markert nedgang i Ryggsteinen, men med påfølgande rask vekst dei neste åra, og i 2003 hekka 183 par. Det er sannsynleg at dei to naboreservata Moldvær og Ryggsteinen i praksis utgjer ei eining for toppskarven, og at det skjer interne forskuvingar i tyngdepunktet mellom dei frå år til anna. Tilsynelatande svake år i Ryggsteinen kan dermed skuldast at hovudetableringa har skjedd i Moldvær desse åra, men det er gjort for få teljingar i Moldvær til at vi kan seie dette sikkert. Det er likevel ikkje tvil om at totalbestanden har variert ein heil del, som tabellen på side 35 viser. Avskalling av koloniane i Askvoll er sannsynleg årsak til etablering og rask vekst i kolonien på Ytterøyane.

Tal frå Solund dei siste åra ligg føre med usikre overslag for 2004, og reirtelling i 2005. For både Gåsvær og Utvær ligg hekkebestanden no på berre 20% av talet i 80-åra. I Askvoll er hekkebestanden i år derimot i overkant av nivået på 80-talet, men likevel vesentleg mindre enn i dei lokale toppåra på 90-talet. Frå 2003 til 2004 sank hekkebestanden i Ryggsteinen frå 183 til 70 par, noko som ikkje er uventa med tanke på utviklinga i hekkebestandane for andre fiskeetande sjøfuglar i fylket. I år er likevel den samla hekkebestanden i Moldvær og Ryggsteinen nesten dobla i høve til i fjor, så toppskarven har nok klart seg vesentleg betre enn andre sjøfuglar.


Raskt oppsummert har hekkebestanden sør i fylket tilsynelatende gått tilbake frå 80-90 – talet, og er no sterkt redusert. Samtidig er hekkebestanden i Askvoll aukande, men med ein del svingingar undervegs. Samanliknar vi alle reservata under eitt, har hekkebestanden gått ned frå **642** par i 1995 til **349** i år. Næringssvikten har også ramma toppskarven, men ikkje fullt så markert som for fleire andre artar. Framtidsutsiktene for denne arten er det svært vanskeleg å seie noko om, særleg fordi utviklinga har vore så ulik i Solund og Askvoll. Noko vi *kan* seie ut frå teljingane, er at talet på observerte individ i reservata ikkje seier stort om talet på hekkande par. Reirteljing er heilt naudsynt for denne arten.

Grågås ↑

Ikkje eigentleg ein sjøfugl, men arten har markert seg sterkare og sterkare i sjøfuglreservata dei siste tiåra. Dersom vi samanliknar tala frå dei ti reservata som er blitt talte opp ved kvar einaste sjøfuglteljing i perioden 1983 til 2005, ser vi at talet på registrerte individ auka jamt og trutt fram til og med 2000, mens teljingane i 2004 og 2005 gav berre om lag 2/3 så mange individ i desse reservata. Her må det leggjast til at teljingane i 2000 på grunn av vêrtilhøva blei avgrensa til midtre og indre skjergard, og at grågjæsene av same grunn kan ha samla seg i dette området. Teljingane i år dekte både ytre og indre skjergard, og til saman blei 1434 grågjæser talte i reservata. Samanliknar vi dei 34 reservata som blei talte både i 1995 og 2005 på om lag same tid i juni, finn vi ein auke frå **348** til **944** individ.

Teljingane i år registrerte både enkeltpar med dunungar og store flokkar med ikkje flygeduktige, mytande gjæser. Dei største flokkane blei observert i ytre Askvoll, ved Moldvær og Ryggsteinen der til saman om lag 1000 individ blei registrerte. I Solund, der det ikkje blei registrert grågås under sjøfuglteljingane i fjor, talte vi 57 i Gåsvær og 97 i Utvær.

Ein auke i grågåsbestanden kan vere verdfull for sjøfuglreservata etter kvart som færre sauvar blir sendt på beite. Sjølv om dei ikkje hindrar gjengroing på same måte, er gjæsene effektive når det gjeld å halde markskiktet i vegetasjonen nede.



Utvikling i bestandane av grågås i 10 sjøfuglreservat som er undersøkte ved alle sjøfuglteljingane frå 1983 til 2005. Gjæsene flyttar ein del på seg når dei har fått ungane på vatnet, og med så små tal som i dette utvalet gjer dette seg markerte utslag frå år til år. Den aukande trenden er likevel klar.

Ærfugl Mytebestand ➔ Hekkebestand ↓

Godø (2000) oppgir at ærfuglbestanden i Sogn og Fjordane er på eit toppnivå etter andre verdskrig. Teljingane i år gir ikkje grunnlag for ei slik vurdering av hekkebestanden av ærfugl i fylket. I dei ti reservata som er sjekka ved alle teljingane sidan 1983, registrerte vi i år berre 13 individ, mot 260 i 2000 og 165 i 1995. Vidare blei det i 1995 talt om lag **390** ungekull i dei 34 reservata som blei talte også i 2005, mens vi i år (på same tid i juni) ikkje såg ungar – men fann **13** reir med egg.

Talet på mytande ærfuglar som flokkar seg i den ytre skjergarden utover sommaren ser likevel ut til å halde seg stabilt, og totalt registrerte vi i år **2502** ærfuglar i dei 34 sjøfuglreservata der det var **2134** i 1995.


Ifølgje lokale kjelder har utviklinga i hekkebestanden av ærfugl vore negativ dei siste åra. At vi ikkje skulle få sjå eit einaste ungekull på fem heile feltdagar var likevel uventa, sjølv om det ikkje er overraskande at det er lite ærfuglungar i ein periode med næringssvikt for artar som gråmåse og svartbak. At vi berre fann egg, og ikkje ungar, kan kanskje tilskrивast omlegging etter predasjon.

Havørn

Arten blei notert når den blei sett, men det blei elles ikkje gjort nokon ekstra innsats for å sjekke ut kjente hekkeplassar. Havørn blei registrert i seks av sjøfuglreservata, jamt spreidd frå nord til sør, med i alt 13 individ (3 av desse vaksne fuglar).

Tjeld

Tjeld blei observert jamt spreidd på dei fleste eigna holmar og skjer, og det er ikkje grunn til å tru at det har skjedd markerte bestandsendringar dei siste tiåra, sjølv om talet på observerte fuglar har gått noko ned. **196** individ blei registrert i år, mot **277** i 1995.



Utvikling i bestandane av tjeld i 10 sjøfuglreservat som er undersøkte ved alle sjøfuglteljingane frå 1983 til 2005


Tjuvjo

Bestanden i Sogn og Fjordane er liten, som den elles er over det meste av Vestlandet. Fire observerte individ i løpet av fem feltdagar både i 2004 og 2005 viser kor tynn bestanden av denne arten er for tida, særleg når ein legg til at i år blei alle sett i ytre nordre Askvoll (Ryggsteinen og Håsteinen). I Hordaland har bestanden gått dramatisk tilbake sidan 1970-tallet, og det same har skjedd i Sogn og Fjordane. I 2000 blei det observert 2 par i fylket, i 1995 4 par, i 1984 28 par + 3 individ, i 1983 67 individ, og også i 1982 67 individ.

Svartbak

Hekker jamt spreidd i skjergarden langs heile fylket. Registreringane tyder på at dei fleste hekkeplassane har vore besette også i dei siste par åra med næringssvikt, og at det ikkje har skjedd særlege endringar i totalbestanden – sjølv om hekkeresultata har vore dårlege. Godø (1995) oppgjer at det blei registrert 1700 par i 1995, og at bestanden i Sogn og Fjordane truleg var på 4-5000 par. I dei 34 reservata som blei talde i begge år, var det **1031** hekkande par i 1995 og **219** par i 2005.

Talet på hekkande par er med andre ord drastisk redusert. Reduksjonen har skjedd dei siste par åra, for om vi ser nærare på utviklinga i dei 10 reservata der vi har tal frå alle undersøkte år sidan 1983 finn vi ein auke fram til 433 par i 2000, følgd av ein brå nedgang til 32 par i 2004. I år fann vi 63 par i dei same reservata.




Utvikling i hekkebestandane av svartbak i 10 sjøfuglreservat som er undersøkte ved alle sjøfuglteljingane frå 1983 til 2005.

Sildemåse ▼

Godø (2000) vurderte bestanden av sildemåse i Sogn og Fjordane som stabil, kanskje med ein positiv trend i høve til ein nedgang i slutten av 1980-åra.

Likevel blei det berre observert spreidde individ av sildemåse under teljingane i 2003 og 2004, med to viktige unntak. På Raudøy blei det talt 70 individ, og i Gåsvær 45 individ delt på to jamstore koloniar. Samanliknar vi tala på sildemåsar frå sjøfuglreservata som blei talt opp både i 1995 og 2005, finn vi følgjande: I 1995 **320** par fordelt på fem lokalitetar, og i 2005 268 individ eller anslagsvis **90** par fordelt på ti lokalitetar (200 av desse individa på ein av lokalitetane, Raudøy).

Den spesielle situasjonen med omfattande næringssvikt gjer det vanskeleg å trekke konklusjonar om langsiktig utvikling, men arten bør haldast under oppsyn i åra framover.




Utvikling i hekkebestandane av sildemåse i 10 sjøfuglreservat som er undersøkte ved alle sjøfuglteljingane frå 1983 til 2005

Gråmåse ▼

På same måte som for sildemåsen, vurderte Godø (2000) bestanden av gråmåse i Sogn og Fjordane som stabil, kanskje med ein positiv trend i høve til ein nedgang i slutten av 1980-åra. Dette har nok vore rett, men i åra like etter 2000 har tilhøva endra seg. Tydelegast ser vi dette i Hovdefjell, der Vidar Seim har ringmerkt gråmåseungar i fleire år. Frå 1997 til 2000 låg talet på merkte ungar rundt 100, for så å falle bratt i 2001 til 6, og vidare til 2 i 2003. I 2004 fann ringmerkaren ingen ungar i kolonien, som så seint som i 2000 blei vurdert til å halde om lag 1500 hekkande par.

Teljingane langs kysten stadfester at arten knapt kan ha hekka i Sogn og Fjordane i fjor, og det blei meldt om ein tilsvarande situasjon i Møre og Romsdal og Hordaland (Alv Ottar Folkestad, Arnold Håland og Stein Byrkjeland, pers. medd.). Av konkrete observasjonar blei tre rugande fuglar sett i Vengane og ein i Kvalsteinen 21.6, og det blei observert dunungar ("påfallande få") på Raudøy 8.7. Dette er alt som ligg føre frå dei undersøkte reservata i 2004. I tillegg blei det observert at gråmåsen hadde ungar på Kjerringholmen nord for Atløy (ikkje reservat). Fleire måsar kan naturlegvis ha hekka tidlegare i sesongen, men gitt opp hekkinga – eller dei har ikkje hekka i det heile tatt.


I år såg situasjonen betre ut, sjølv om vi berre talte anslagsvis **295** hekkande par i dei same 34 reservata som i 1995 hadde **4460** par.



Utvikling i hekkebestandane av gråmåse i 10 sjøfuglreservat som er undersøkte ved alle sjøfuglteljingane frå 1983 til 2005

Fiskemåse ↓

Overraskende få fiskemåsar blei registrert under teljingane også i år. Anslagsvis **50** par hekka i dei 34 reservata som i 1995 hadde **177** par, men truleg hadde tilbakegangen for denne arten allereie starta for meir enn 10 år sidan. Arten har etter alt å dømme gått sterkt tilbake uavhengig av næringssvikten i 2004, og bør haldast under oppsyn i åra framover.



Utvikling i hekkebestandane av fiskemåse i 10 sjøfuglreservat som er undersøkte ved alle sjøfuglteljingane frå 1983 til 2005. Den største kolonien på 80-talet (Prestøy) er i dag tom på grunn av gjengroing.

Krykkje ↓

Har hekka i Utvær, men er etter 1978 (da det blei telt 22 par) ikkje registrert der meir. Bortsett frå dette har krykkja hekka relativt stabilt nord i Sogn og Fjordane, særleg i Einevarden (Godø 1995).

I 1994 hekka det 2100 par i Einevarden, 40-50 par i Stallbrekka, og 11 par på ei sjøbu i Leikanger på Stadlandet. Tidlegare koloniar i Høgfjellet, Klovningen, Veststeinen og ved Ytre Fure (ikkje freda) var ifølgje Godø (1995) allereie på veg ut på 80-talet, og har ikkje blitt koloniserte på ny.


Det kom inn meldingar om samanbrot i sjøfuglbestandane ved Einevarden i 2003, og i juli same år blei det berre registrert 122 reir utan fugl. Samtidig blei det telt 658 reir i Stallbrekka. Dette viser at det har skjedd store endringar i hekkebestanden av krykkje sidan teljinga i 1994. Einevarden er vesentleg redusert - nesten utradert - samtidig som det har skjedd ein markert auke i Stallbrekka. Mellom desse to koloniane er det berre vel 4 km. Det er likevel viktig å merke seg at av dei 658 reira i Stallbrekka i 2003 var berre 166 i bruk ved teljetidspunktet i juli. Ved teljingane i år var det 20 hekkande par på Einevarden og 145 i Stallbrekka. Til saman er dette **165** hekkande par, mot **2145** på dei same to stadane i 1995.

Makrellterne og Raudnebbterne ↓

Etter at dei kom inn i ei negativ utvikling på 90-talet, har desse artane i praksis vore "utdøydd" i Sogn og Fjordane i fleire år, i alle fall i ytre kyststrok. Registrerte hekkeforsøk i tre reservat i fjor kunne kanskje tolkast som ei positiv utvikling, men to av desse små koloniane blei forlatne midt i hekketida, og det er rimeleg å tru at det ikkje kom ungar på vengene i den siste heller. I år fann vi **ingen** hekkande terner i reservata, på same måte som i 2000.

Situasjonen for ternene i Hordaland har vore den same i fleire år (Stein Byrkjeland, pers. medd.), og etter alt å dømme langs store delar av Vestlandskysten. Kvinnesland (2005) melder rett nok om hekkeforsøk i 13 ternekoloniar ved Karmøy i år, men i 10 av desse koloniane blei hekkinga oppgitt (sjølv om det blir lagt mye vekt på minkproblem i rapporten frå Karmøy, blei det berre observert mink i to av dei ti koloniane).

Det blei meldt om hekkande terner inne i fjordane i fjor, og i år har vi fått melding om to små koloniar i hhv. Nordfjord og Sogn. Det kan vere at problema generelt har vore mindre i fjordane enn ute langs kysten, men uansett er det berre snakk om svært få hekkande fuglar. Problema for ternene har no vart i så mange år at fuglane dør av alderdom utan å ha formeira seg, og bestandane kan dermed få problem med å ta seg opp igjen sjølv om dei negative faktorane skulle ta slutt.



Utvikling i hekkebestandane av terner i 10 sjøfuglreservat som er undersøkte ved alle sjøfuglteljingane frå 1983 til 2005. I følgje Godø (1983) var det store problem med mink i byrjinga av 80-talet, med flytting av koloniar som følgje. I dag er det ingen koloniar igjen.

Alke ↘

Under teljingane i 2003 blei alke registrert ved tre lokalitetar nord i fylket. I Einevarden sjøfuglreservat blei 6 alke eller lomvi observert på sjøen, og 5 alke flygande. Tidlegare teljingar oppgjer om lag 70 par (Godø 1983), 50 par (Godø 1984) og 100 par (Godø 1995), men fordi området er vanskeleg tilgjengeleg er dette berre omtrentlege estimat. I år blei det talt om lag 350 alke, eller anslagsvis 150 par. Ved Stallbrekka blei det registrert 1 individ på sjøen i 2003; det er ikkje registrert alke her tidlegare, og ingen blei heller sett i år. I Veststeinen sjøfuglreservat blei det i 2003 observert 15 individ, og hekking fastslått (2 ungar sett). Ved tidlegare teljingar er det notert 35reir/150 individ (Godø 1983), 16 reir (Godø 1984) og 75-100 par (Godø 1995). I år observerte vi 20 alker i berget og to på sjøen, og anslår at hekkebestanden kan ha vore på 15 par. Seinast ved teljingane i 1994 hekka det dessutan truleg om lag 25 par i Klovningen, men her blei det ikkje sett alke i 2003, og berre eitt individ i år. Det er dermed to aktive alkekoloniar i fylket, og bestanden er (trass i dårlege tal i 2003) ikkje dramatisk endra frå **205** par i 1995 til **165** par i 2005.

Tidlegare har det hekka alke også i Utvær i Solund: I 1983 blei det gjort 21 reirfunn, og i 1984 2 reirfunn (truleg 5 par hekkande). Ved teljingane i 1995 blei arten ikkje registrert, og den blei heller ikkje sett i 2004 eller 2005. Kolonien i Utvær var den sørlegaste i Norge og har nok lenge vore marginal i den store samanhengen, men det er foruroligande at bestanden er relativt svak også nord i fylket.

Lomvi ▼

I 2003 blei lomvi registrert ved tre lokalitetar nord i fylket. I Einevarden sjøfuglreservat blei 6 alke eller lomvi observert på sjøen. Tidlegare teljingar oppgjer om lag 150 par (Godø 1983), 110 par (Godø 1984) og 100 par (Godø 1995), men fordi området er vanskeleg tilgjengeleg er dette berre omtrentlege estimat. I år blei det talt om lag 250 lomvi, eller anslagsvis 100 par. Ved Stallbrekka blei det registrert 1 individ på sjøen i 2003; det er ikkje registrert lomvi her tidlegare, og ingen blei heller sett i år. I Veststeinen sjøfuglreservat blei det observert 102 individ i 2003, og hekking fastslått (5 ungar sett). Ved tidlegare teljingar er det notert 53reir/250 individ (Godø 1983), 55 reir (Godø 1984) og 150-200 par (Godø 1995). I år observerte vi 10 lomviar i berget, og anslår at hekkebestanden kan ha vore på 6-8 par. Seinast ved teljingane i 1994 hekka det dessutan truleg om lag 10 par i Klovningen, men her blei det ikkje sett lomvi i 2003 eller i år. Det er dermed to lomvikoloniar i fylket, og sjølv om det blei sett langt fleire fuglar i år enn i 2003, er bestanden meir enn halvert frå **280** par i 1995 til **108** par i 2005.

Tidlegare har det hekka lomvi også i Utvær i Solund: I 1983 blei det gjort 23 reirfunn, og i 1984 15 reirfunn. Ved teljingane i 1995 blei arten ikkje registrert, og den blei heller ikkje sett i 2004 eller 2005. Kolonien i Utvær har nok lenge vore marginal, men ser ein fylket under eitt er det likevel foruroligande at bestanden er så liten.

Lunde ▼

Som dei andre alkefuglane har også lunden gått sterkt tilbake dei siste ti åra. På dei kjende hekkeplassane er situasjonen slik:

	1983	1984	1994/95	2003	2004	2005
Einevarden	>5000 par	~5000 par	5000 par	150 ind		3300 ind
Veststeinen	9-10000 par	~8000 par	>8000 par	2600 ind		3000 ind
Ryggsteinen	11 reirfunn	5 reirfunn/12 ind			8-10 ind	5 ind
Utvær	323 reirfunn	148 reirf/230 ind			3 ind	1 ind

I følge lokalkjente skal hekkebestanden i Utvær ha vore på inntil 600 par. Truleg skriv desse tala seg frå Willgohs sine undersøkingar, men vi veit ikkje kva år dei refererer seg til.

Tala frå 2003 viser til 150 flygande individ ved Einevarden og 2600 individ på sjøen ved Veststeinen. Utan fleire observasjonar å støtte seg til er det naturlegvis vanskeleg å trekke konklusjonar, men så seint i hekketida som i midten av juli er det normalt ikkje eit godt teikn at alle fuglane i kolonien ligg på sjøen midt på dagen (registreringa blei gjort i tre-tida). I år var det i overkant av 3000 individ ved begge koloniane, og tilsynelatande god aktivitet i hekkeområda. Meldinga om daude lundeungar drivande i sjøen ved Veststeinen 24.6. er likevel foruroligande.

Det er ikkje tvil om at hekkebestanden av lunde i Sogn og Fjordane har gått tilbake sidan teljingane midt på 90-talet. Dei sørlegaste bestandane er definitivt på veg ut, mens situasjonen i nord må følgjast nærare i åra som kjem.

Teist →

Teisten er vanskeleg å telje, og gode estimat på hekkebestanden er svært krevjande å få til. Dette føreset målretta innsats på forsommaren. Slik sett er ikkje dei teljingane som ligg føre eigna til å trekkje bastante konklusjonar, men det er i alle høve klart at relativt få individ blei registrert under teljingane, og at dei var svært ulikt fordelt geografisk.

Teljingane som no etter kvart er gjort over fleire år er likevel samanliknbare reint metodisk, og vi kan ut frå dette konkludere med at bestanden av teist i fylket er langt mindre no enn den var i 1978 og i 1984. Teljingane tyder også på at nedgangen i bestanden har gått føre seg over lang tid, og at teisten no finst konsentrert om eit fåtal av dei aller beste områda i fylket. Sjølv om bestanden no er mindre enn på 70- og 80-talet, er det likevel positivt at den ikkje er mindre enn i 1995 (**84** individ i år mot **62** i dei same 34 reservata i 1995), og at vi i år talde 100 individ der vi i fjor talte 61. Totalt såg vi 114 teistar i år.

Diskusjon

Moglege årsaker til hekkesvikten i sjøfuglbestandane

Faktorar som kan spele inn på hekkesuksessen hos sjøfuglane i Sogn og Fjordane blei gjennomgått i rapporten etter sjøfuglteljingane i fjor (Larsen 2005). Følgjande faktorar blei vurderte:

Naturgitte faktorar:

- Næringstilgang
- Tilgong på eigna reirplassar
- Predasjon
- Sjukdom
- Vêrtilhøve

Menneskestyrte faktorar:

- Langtransporterte miljøgifter
- Oljeutslepp
- Drukning i fiskereiskap
- Jakt
- Forstyrring i hekketida
- Faktorar som påverkar næringstilgang:
 - Overfiske
 - Marin ureining
 - Seismiske undersøkingar
 - Taretråling

Konklusjonen etter fjoråret blei at **næringsmangel** må vere den viktigaste faktoren bak hekkesvikten for sjøfuglane, og at overfiske og/eller klimaendringar har vore dei utløysande faktorane. Bestandane av sil (tobis) i Nordsjøen er borte, og eit omfattande industrifiske og manglande regulering av dette må ta ein vesentleg del av skulda. Det kan også tenkjast at ei gradvis oppvarming av Nordsjøen som følgje av klimaendringar kan ha fått silen til å trekkje nordover, men det er lite sannsynleg at dette skulle gje seg samtidig utslag over ein så lang nord-sør gradient som strekninga frå England til Møre.

Konklusjonen i år må i stor grad bli den same som i fjor; det er vanskeleg å sjå for seg andre faktorar enn overfiske som kan forklare hekkesvikt over så store område.

Av andre faktorar som kan tenkjast å virke over store geografiske område, er det nærliggande å trekke fram at dei mange tusen tonna med oljerestar og ulike kjemiske stoff som oljeindustrien over lang tid har slept i havet (særleg i form av produsert vatn), også har bidrege til den negative utviklinga både for sil og andre bestandar av plankton og fisk som direkte eller indirekte er føde for sjøfuglane.

Den langvarige tilbakegangen for ternene og kanskje også fiskemåsen kan likevel ikkje forklarast ut frå samanbrotet i fiskebestandane i Nordsjøen i 2004. For desse artane kan det likevel vere høgst ulike utløysande faktorar som ligg bak. Godø nemnte allereie etter teljingane i 1995 at ”det er ting som tyder på at spesielt bestanden av raudnebbterne kan vere kraftig redusert i høve til byrjinga av 1980-åra.” (Godø 1995).

Ein av dei beste hekkeplassane for raudnebbterne i landet i 1983 var Indrevær i Solund kommune, med 890 reir av arten, pluss 225 reir av makrellterne (Godø 1983). I 1984 blei det på same stad registrert 460 raudnebbternereir og 90 makrellterne (Godø 1984). Indrevær blei berre overflatisk undersøkt i 1995 på grunn av dårleg ver, men ternar er ikkje nemnt blant dei registrerte artane. Området blei ikkje talt i 2000, og ved teljingane i 2004 og i år blei det heller ikkje sett ternar. Den nest beste ternelokaliteten i fylket i 1983 var Sakrisøy, med 235 raudnebbternereir og 110 makrellternereir. Tala i 1984 var høvesvis 200 og 55. I 1995 var det ingen raudnebbternar, og 75 par makrellterne i Sakrisøy. Området blei talt igjen først i år, da var det ingen ternar der. Teljingane i 2000 var konsentrert om dei fem nordlegaste kommunane (Selje-Askvoll). Det blei ikkje funne hekkande raudnebbterne i det heile tatt det året, mens makrellterne blei funne hekkande på tre stader.

Godø (2000) nemner at fråveret av ternar høver godt med observasjonar elles på Vestlandet, og legg til at "viktigaste årsaka til manglande hekking er truleg sviaktande næringstilgang, som igjen kan tilskrивast algeoppblomstring." Algeoppblomstring er eit naturleg fenomen om våren, med dei høgaste konsentrasjonane frå mai og utover. Vi har ikkje data tilgjengeleg som kan seie om algeoppblomstringane har auka i omfang dei siste tiåra, parallelt med tilbakegangen i ternebestandane. Andre moglege faktorar har vi heller ikkje oversyn over, da kysten av Sogn og Fjordane aldri har vore eit prioritert marint forskingsområde. Lenger sørover langs kysten (Agder/Rogaland) har ein eit noko betre oversyn over tilstanden, særleg knytt til etterverknadane av algekatastrofen i 1989, då albusnegl og kongesnegl døydde ut i stort omfang og ulike fiskebestandar forsvann meir eller mindre. I det same området skjer no ein rask og omfattande utdøying av sukkertare, og problemet ser ut til å bre seg oppover Vestlandet. SFT rapporterar at vel halvparten av 110 undersøkte stasjonar på kyststrekninga Egersund-Mongstad viser dårleg førekomst av sukkertare og mye trådforma algar, og meiner at tilhøva kan tyde på eit økosystem i ubalanse. Sukkertaren er ein vanleg tareart langs heile norskekysten, og ein fryktar omfattande konsekvensar for kystmiljøet. Tilstanden for sukkertaren i Sogn og Fjordane er ikkje kjent, men seinast under sjøfuglteljingane i år observerte vi i gruntområde store parti med martaum og trådalgar, som i Skagerrak gjerne har kome inn parallelt med at sukkertaren har forsvunne. Endringar i tang- og tarebeltet i gruntområda med bortfall av viktige habitat for småfisken som ternene lever av, kan kanskje forklare kvifor ternene har blitt borte. Det er heller ikkje usannsynleg at meir omfattande algeoppblomstringar sommarstid (i den grad dette faktisk skjer) kan påverke ternene direkte, ved at småfisken blir vanskelegare å sjå, eller at den trekk ned på djupare, klarare vatn utanfor rekkevidde for ternene.

Det er vidare klart at **forstyrningar** på hekkeplassane finn stad. Vi veit lite om kor omfattande dette problemet er, men med ein stadig aukande småbåtflåte i Sogn og Fjordane som elles i landet er det grunn til å tru at problemet vil auke i åra framover. Den raske veksten i skarvekolonien ved Ytterøyane fyr frå 1998 til 2003 stoppa brått opp same året som fyret blei avbemannet, og det dermed ikkje lenger var nokon som kunne hindre ulovleg bruk av kaianlegget ved fyret. Det blei da også observert 10-12 personar på land ved fyret berre kort tid etter at det blei fråflytta i 2004. Forstyrning kan ha utløyst problema åleine, eller eventuelt i kombinasjon med næringssvikt.

Minken si rolle i biletet er også uklår. At andre dyr forsyner seg av egg og ungar er naturleg, og alle organismar tar høgde for dette ved å produsere langt meir avkom enn dei to som skal til for å erstatte foreldra i neste generasjon. Tilpassingar mellom "jeger" og "bytte" er blant dei sterkaste selektive kreftene i naturen, og har gått føre seg kontinuerleg så lenge artane har eksistert. Annleis blir det når mennesket introduserer nye artar av rovdyr som dei opphavlege artane ikkje er tilpassa. Minken er eit døme på dette, og rømt mink har tidlegare fått mye merksemd som ein viktig negativ faktor for sjøfuglpopulasjonane i Sogn og Fjordane, særleg for måsefuglane (Godø 1984). Vi veit ikkje kor mye villmink det er i fylket i dag. Det finst heller ikkje tal for kva skade mink har gjort eller kan gjere i sjøfuglkoloniane i fylket, men ut frå tidlegare rapportar og generell kunnskap om endringane i utbreiingsmønster hos t.d. måsefugl i tida etter etableringa av villmink på Vestlandet, kan potensialet for skade vere stort. Lokale kjelder har meldt om aukande minkbestand ved Kalvåg i Bremanger og Berekstad på Hovden i Flora dei seinare åra, men det ligg ikkje føre konkrete tal for auken.

Det blir av og til hevda at oteren som no er på veg tilbake til tidlegare jaktmarker fordriver minken, men dette kan neppe stadfestast med belegg. Dei to artane er sannsynlegvis for ulike i habitatbruk og matval. Vi såg ikkje mink i løpet av dei fem dagane teljingane gjekk føre seg i år, og heller ingen i fjor. Av oter såg vi fem i år (fire av dei på same lokalitet), og fire i fjor (på tre lokalitetar).

Verknaden av **taretråling** på sjøfuglbestandane vil i stor grad vere avhengig av kor stor del av tareskogen som haustast. Dessverre finst det ikkje gode tal verken for kor mye stortare som finst langs kysten eller kor stor del av denne som blir hausta i kvart felt frå år til år. Tareressursane har blitt rekna ut frå overslag over eigna sjøareal multiplisert med eit antatt gjennomsnittleg tal for biomasse per flateining, mens opplysningar om haustegraden skriv seg frå grove overslag frå tarenæringa sjølv. Alt etter kva felt det gjeld, varierer desse overslaga frå 10 til 50 prosent. Det er soleis ikkje mogleg å

seie noko sikkert om effekten av hausting i enkelte delområde. Dersom berre 10 prosent blir hausta, er det ikkje utenkjeleg at kanteffektar kompenserer for tapet av tareskog, mens ein haustegrad på 50 prosent derimot vil vere eit inngrep som høgst sannsynleg fører til vesentleg næringstap for sjøfuglane. Dessverre er det dei mest produktive tarefelt som både blir hausta mest intensivt, og som er dei viktigaste næringsområda for sjøfuglar knytt til tareskogen.

Eit forskingsprosjekt som Norsk Institutt for naturforskning gjennomførte ved Frøya på Trøndelagskysten viste at taretråling fjerna opptil 50 % av stortaren i prøveområdet (Lorentsen 2005). I dei trålte områda var den observerte fiskebestanden berre ein femdel av fiskebestanden i nærliggande utrålte område, og bestanden var like låg også året etter taretråling. Storskarvane som hekka i studieområdet søkte til dei utrålte områda for å finne næring, og berre få fuglar blei observert på næringssøk i trålte område (nytrålte, og trålte eitt år tidlegare). Dei fuglane som blei observerte i trålte område brukte mye lenger tid og fleire dykk for å finne mat enn dei andre fuglane. Forskingsprosjektet synest dermed å stadfeste at taretråling kan påverke næringstilgangen til sjøfugl negativt. Lokale tidsseriar som viser korleis enkelte hekkebestandar av toppskarv i Sogn og Fjordane utviklar seg, tyder da også på at talet på hekkande skarv går merkbart ned etter taretråling.

Tiltak

Det er lite ein kan gjere lokalt med hovudårsaka til hekkesvikten hos sjøfuglane på Vestlandet, da denne etter alt å døme skuldast næringsmangel med basis i overfiska økosystem i Nordsjøen, som i tillegg kan vere råka av klimaeffektar.

- Det er likevel heilt klart at det er på næringssida at fokus må rettast for å kunne bøte på problema for sjøfuglbestandane. Eventuelle klimaendringar som følgje av menneskelege aktivitetar er det allereie for seint å gjere noko med, men uheldige praksisar som vekstoverfiske (yngelfiske) og rekrutteringsoverfiske av sil må kome under kontroll ved at det blir satt kvoter også for industritrålfisket. Fiskestopp etter sil tvang seg fram i løpet av sommaren i år, da det ikkje var meir sil å fiske på. Ut frå dei internasjonale fiskeriforhandlingane ser det likevel ut til at fisket vil halde fram neste år.
- Arbeidet med tiltak for å oppnå nullutslepp frå oljeinstallasjonane i Nordsjøen må halde fram, og forserast.

Lokale tiltak kan mellom anna vere:

- Styrking av oppsynet med ilandstiging i sjøfuglreservata i hekketida. Med etableringa av ei SNO-stilling i Florø er grunnlaget allereie lagt for ei slik styrking, men kapasiteten vil nok likevel ikkje vere stor nok i dei mest hektiske sommarmånadane.
- Det vil dessutan vere naudsynt med målretta informasjon retta mot småbåteigarar om sjøfuglreservata i fylket og årsaka til ferdselsforbodet i hekketida.
- Skilting av sjøfuglreservata må prioriterast.
- Det er ønskjeleg å få eit betre oversyn over bestandssituasjonen for mink i fylket, slik at ein har eit grunnlag for å vurdere eventuelle tiltak.
- Årlege undersøkingar av hekkesuksess i skarvekoloniane i Utvær og Gåsvær. Framlegget til forvaltingsplan for tang og tare legg opp til at Utvær skal bli stengt for taretråling, mens Gåsvær forblir open. Begge områda er så pass store at det kan vere mogleg å sjå ein eventuell effekt av taretråling/ikkje taretråling i næringsområda til toppskarv og teist. Både for tarenæringa og miljøforvaltinga vil det vere av stor verdi å få gjennomført slike undersøkingar, for å få fastslått i kva grad taretråling påverkar dei marine økosystema. Direktoratet for Naturforvalting signaliserte i oktober i år at dei vil arbeide for å få meir sjøfuglforskning til Vestlandet, og at dei er positive til eit konkret prosjekt med fokus på Utvær og Gåsvær.

Litteratur

- Godø, G. 1983. Sjøfuglregistreringar i Sogn og Fjordane sommaren 1983. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Miljøvernavdelinga.
- Godø, G. 1984. Rapport frå sjøfuglregistreringane i Sogn og Fjordane sommaren 1984. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Miljøvernavdelinga.
- Godø, G. 1991. Verneplan for sjøfugl, delplan 5: Sogn og Fjordane. Miljøverndepartementet og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.
- Godø, G. 1995. Registrering av sjøfugl i Sogn og Fjordane i 1994 og 1995. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Miljøvernavdelinga.
- Godø, G. 2000. Registrering av kyst- og sjøfuglbestandar og tilstandsvurdering av sjøfuglreservat i Selje, Vågsøy, Bremanger, Flora og Askvoll kommunar 01.-16.06.2000. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Miljøvernavdelinga.
- Kvinnesland, A. 2005. Sjøfugler i Karmøy. Hekkesesongen 2005. Rapport fra Karmøy ringmerkingsgruppe.
- Larsen, T. 2005. Sjøfuglteljingar i Sogn og Fjordane i 2003 og 2004. Hekkefuglteljingar i sjøfuglreservata. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, rapport nr. 6-2005.
- Lorentsen, S-H. 2005. Taretråling påvirker forekomsten av fisk, men kva skjer med storskarvene? Side 19-23 i Svenning, M.-A. & Jonsson, B. (red.) 2005. Kystøkologi: økosystemprosesser og menneskelig aktivitet. NINAs strategiske instituttprogrammer 2001-2005. - NINA Temahefte 31.
- Misund, O.A. 2004. Hvordan sikre havmiljøet I Nordsjøen? Faglige utfordringer.
http://www.imr.no/visste_du/miljo/hvordan_sikre_havmiljoet_i_nordsjoen_faglige_utfordringer.

Vedlegg

Tilbake fra tobis- og planktontokt i Nordsjøen

(IMR nyhetsarkiv, april 05)

Havforskningsinstituttet prøver å utvikle en metode for fiskeriuavhengig måling av tobisbestanden, og F/F ”Johan Hjort” er nå tilbake fra tokt i Nordsjøen (13. – 24. april), hvor hovedhensikten har vært å prøve ut metoder for prøvetaking og mengdemåling av tobis, samt å undersøke diett og det planktoniske mattilbud. Dette toktet skulle ikke måle bestanden, men resultatene gir Havforskningsinstituttet grunn til å uttrykke sterk bekymring for tobisbestanden i Nordsjøen.



Tobis lever nedgravd i sand det meste av året. Om våren kommer den opp fra bunnen for å beite på dyreplankton om dagen, men returnere til sanden om natten. På grunn av denne spesielle atferden er det vanskelig å måle mengden av tobis. Beregning av bestandsstørrelsen er derfor basert på fangst per enhet innsats i fiskeflåten. Siden det ikke finnes fiskeriuavhengig måling av bestanden, er det imidlertid vanskelig å justere for effektivitetsøking i fiskeflåten. Ved en markert øking i effektiviteten kan bestanden bli overvurdert.

Havforskningsinstituttet vil derfor utvikle en metode for fiskeriuavhengig måling av bestanden. I den forbindelse er det noen biologiske spørsmål som må belyses, for eksempel: 1) når på dagen kommer tobisen opp av sanden, 2) når returnerer den, 3) kommer all tobis ut av sanden for å beite, 4) kommer den opp hver dag, 5) hvordan variere disse faktorene og 6) hva styrer dem (tetthet av byttedyr og rovfisk).

Testet flere metoder

Vi har erfart at tobisen trolig lar seg måle akustisk, og at den kan identifiseres ved å bruke flerfrekvent ekkolodd (18 kHz, 38 kHz, 120 kHz og 200 kHz). Akustisk mengdeberegning av tobis som står oppe i vannsøylen om dagen framstår derfor som en svært lovende metode. Forsøk med to forskjellige skraperedskaper viste imidlertid at det kan stå en del tobis i sanden også om dagen, uten at det kan fastslås hvor mye det dreier seg om. Videoopptak under prøvetaking viser at det er et betydelig forbedringspotensial for skrapene med hensyn til å gjøre de mer kvantitative. En rekke av de spørsmålene som er nevnt ovenfor vil derfor kunne belyses ved framtidige undersøkelser.

Det ble også gjort forsøk med prøvetaking av tobis ved hjelp av grabb. Grabben fanget en del tobis, særlig i grov sand og grus. Problemet var at substratet varierte mye over korte avstander med tilsvarende store variasjoner i mengden av tobis som ble fanget.

Tobis som ble fanget i de frie vannmasser og nedgravd i bunnsubstratet ble frosset ned for framtidige mageanalyser. Resultatene av dette vil bli sammenholdt med prøver av alger og dyreplankton fra de samme områder.

Tobisbestand og fiskeri

Industritrålfisket etter tobis har tradisjonelt vært det største fiskeriet i Nordsjøen, med landinger i overkant av 1 million tonn enkelte år. I 2003 og 2004 ble det imidlertid kun landet i overkant av 300.000 tonn. I norsk økonomisk sone (NØS) har fiskeriet vært spesielt svakt, med en nedgang på nesten 90%, mot ca 50% EUs økonomiske sone. Pr. 25. april 2005 er det kun landet 2300 tonn fra hele Nordsjøen. Dette er så lite at det er grunn til å frykte total kollaps i dette viktige fiskeriet.

Toktet med F/F ”Johan Hjort” var ikke rettet mot å måle bestanden av tobis. Imidlertid er de resultater som har framkommet av undersøkelsene i overensstemmelse med det svake fiskeriet. På forhånd var det klart at fiskeriet i 2005 ville avhenge av stryken på 2004-årgangen. Våre undersøkelser på noen av de viktigste norske tobisfeltene indikerer imidlertid at andelen av ett års gammel tobis i forhold til eldre årganger, som det er svært lite av, ikke gir grunnlag for optimisme, heller tvert imot. Havforskningsinstituttet er derfor sterkt bekymret for tobisbestanden i Nordsjøen. Tobis er en meget viktig matfisk mange arter av fisk (torsk, hyse, makrell etc.) og for sjøfugl i Nordsjøen. Et mulig kollaps i tobisbestanden kan sålede også ha betydelige økologiske konsekvenser.

Slutten for tobisfisket

Fiskaren, 24.06.2005

I går ble sluttstrek satt for tidenes dårligste tobisfiske i dansk og norsk farvann.

Daglig leder i Sør-Norges Trålerlag Harald Østensjø synes det er greit at fisket etter tobis stoppet i går. Det er tredje året på rad fisket stopper til St. Hans.

–Så lenge fangstene har vært så dårlige for de fleste regulerer fisket seg sjøl. Noen av båtene har uansett fått bra fangster.

Østensjø mener hovedårsaken til det dårlige fisket har vært den stødige nordavinden som har blåst gjennom hele sesongen. Den har ført til tobisen har vært lite tilgjengelig denne sesongen.

–Men fiskerne har sett bra med yngel, det lover godt for neste år, mener han.

Tobisen lever av plankton. I kaldt vær blir det mindre av den, og dermed får tobisen lite mat. I begynnelsen av sesongen trakk den sørover i Nordsjøen og var stort sett å få i EU-sonen.

Men der var det stor innblanding av yngel, og den norske industriflåten forlot disse feltene. Ifølge Østensjø gjorde danske trålere det samme, mens svenske fartøy fortsatte med alt for finmasket trål.

Onsdag leverte «Leanja» sin siste fangst, og Norge har dermed fisket vel 17.000 tonn tobis denne sesongen. Danske trålere har tatt 121.604 tonn til nå, mens svenske fartøy har levert 4.335 tonn i danske havner.

Tobisfisket pågår fremdeles i EU-sonen, trass i at det for lengst er varslet stans. Avtalen om tobis var at EU-flåten, i praksis danske og svenske fartøy, kunne fiske inntil 40 prosent av fjorårets totalfangst. Formann Hans Aa i Esbjerg Fiskeriforening regner med en stopp i nær framtid.

– Uansett slutter sesongen på denne tiden, men fisket har avgjort blitt bedre nå på slutten av sesongen. De danske fiskerne mener mangelen på tobis skyldes en blanding av for lite tilgang på mat, overfiske på 0-årgangen, oljevirksomhet, forurensning og vanskelige temperaturforhold. Fiskerne ser også at tobisen forsvinner fra felt der det er gjort seismologiske undersøkelser.

Esbjerg er viktigste hjemmehavn for industritrålerflåten i Danmark, og nå sliter de tungt etter årets elendige tobisfiske. Ifølge Hans Aa har flere rederier gått konkurs, midt i det som vanligvis er deres beste sesong.

I dag er det 25 fartøy tilbake i Esbjerg, en nedgang fra 70 for bare tre år siden.

Utsiktene er like dystre for de 37 industritrålerne Harald Østensjø har tilbake i sin forening.

–Med en tredjedel av normal tobissesong, stans i fisket etter øyepål og begrensninger i fisket etter kolmule forsvinner driftsgrunnlaget for denne flåten, beklager han.

Trålerlaget håper derfor å få tillatelse til et prøvefisket for to til tre fartøy i tiden framover, for å overvåke utviklingen av denne fisken.

Aktuelle rapportar i denne serie:

Eldre rapportar finn du på miljøstatus, sjå <http://www.miljostatus.no/sognogfjordane/aktuelt/rapportar.htm>

Nr 1 - 1993	Villaksseminar i Lærdal 1993. ISBN 82-91031-16-9
Nr 2 - 1993	Resipientgransking i Sogndalselva, Sogndal kommune - 1988-89. ISBN 82-91031-17-7
Nr 3 - 1993	Framlegg til kultiveringsplan for anadrom laksefisk og innlandsfisk i Sogn og Fjordane. ISBN 82-91031-18-5
Nr 1 - 1994	Miljøstatus for Sogn og Fjordane 1992-93 - med langtidsperspektiv. ISBN 82-91031-15-0.
Nr 2 - 1994	Miljø-sysselsettingsprosjekt i Sogn og Fjordane i 1993. ISBN 82-91031-19-3
Nr 3 - 1994	Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark. ISBN 82-91031-20-7
Nr 4 - 1994	Enkel skjøtelsplan for Styvi-Holmo landskapsvernområde. ISBN 82-91031-21-5
Nr 5 - 1994	Kontroll av matfiskanlegg for laks og aure 1991-93. ISBN 82-91031-22-3
Nr 6 - 1994	Plan for minstekrav til reinsing - Sogn. og Fjordane. ISBN 82-91031-23-1
Nr 1 - 1995	Naturvernområde i Sogn og Fjordane. Kart i målestokk 1:250.000. ISBN 82-91031-25-8
Nr 2 - 1995	Fiskeressursar i regulerede vassdrag i Sogn og Fjordane. Fagrapport 1994. ISBN 82-91031-26-6
Nr 3 - 1995	Biologiske undersøkelser av noen kulturlandskap og edellauvskog i Sogn og Fjordane. i 1994. ISBN 82-91031-26-6
Nr 4 - 1995	Bygder i Sogn og Fjordane - ein tilstandsanalyse. ISBN 82-91031-27-4
Nr 1 - 1996	Tenesteproduksjon i kommunane Flora, Førde og Gaular - dekningsgrad, prioritering og produktivitet. ISBN 82-91031-28-2
Nr 2 - 1996	Fiskeressursar i regulerede vassdrag i Sogn og Fjordane. ISBN 82-91031-29-0
Nr 3 - 1996	Prøvefiske i 21 vatn i Ytre Sogn og Sunnfjord. ISBN 82-91031-30-4
Nr 1 - 1997	Europark 96 - Glenveigh National Park - Irland
Nr 2 - 1997	Forvaltningsplan for Nigardsbreen naturreservat. ISBN 82-91031-32-0
Nr 3 - 1997	Fiskeressursar i regulerede vassdrag i Sogn og Fjordane. ISBN 82-91031-33-9
Nr 4 - 1997	Fiskeressursar i regulerede vassdrag i Sogn og Fjordane. ISBN 82-91031-34-7
Nr 1 - 1998	Fiskeressursar i regulerede vassdrag, sluttrapport. ISBN 82-91031-35-5
Nr 2 - 1998	Forvaltning av nasjonalparker i USA. ISBN 82-91031-36-3
Nr 3 - 1998	Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde. ISBN 82-91031-37-7
Nr 4 - 1998	Forvaltningsplan for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsområde. ISBN 82-91031-39-8
Nr 5 - 1998	Skjøtsel i heimre Utladalen – Samordna plan for kulturlandskapskjøtsel, bygningsvern, Tilrettelegging for ferdsel og informasjon i Utladalen landskapsvernområde. ISBN 82-91031-40-1
Nr 6 - 1998	Miljøtilstanden i Sogn og Fjordane 1998. ISBN 82-91031-43-6
Nr 7 - 1998	Miljøtilstanden i Sogn og Fjordane 1998 Opplegg og idear i skulen. ISBN 82-91031-43-6
Nr 1 - 1999	Europeisk nasjonalparksamarbeid – Norges nasjonalparker i eit internasjonalt perspektiv. ISBN 82-91031-44-4
Nr 2 - 1999	Forvaltningsplan for Flostrand naturreservat. ISBN 82-91031-45-2
Nr 1 - 2000	Bygder i Sogn og Fjordane – ein tilstandsanalyse. ISBN 82-91031-46-0
Nr 2 - 2000	Naturvernområde i Sogn og Fjordane. Kart i målestokk 1:250.000. ISBN 82-91031-47-9
Nr 3 - 2000	Hjorteforvaltning 2000 – Sogn og Fjordane. ISBN 82-91031-48-7
Nr 4 - 2000	Nasjonalparker og næring hand i hand? ISBN 82-91031-49-5
Nr 5 - 2000	Naturbruksprosjektet. ISBN 82-91031-50-9
Nr 6 - 2000	Landbruksbygder i Sogn og Fjordane. ISBN 82-91031-51-7
Nr 1 - 2001	Skjøtelsplan for Bødalen, Erdalen og Sunndalen i Jostedalsbreen Nasjonalpark. ISBN 82-91031-52-5
Nr 2 - 2001	Nasjonalparker og andre naturvernområde i Sogn og Fjordane. ISBN 82-91031-82-7
Nr 3 - 2001	Storsopper i kommunene Leikanger, Luster og Sogndal registrert under XV Nordiske. Mykologiske kongress Sogndal 7. – 12. september. ISBN 82-91031-83-5
Nr 4 - 2001	Framlegg til verneplan for myr i Sogn og Fjordane. ISBN 82-91031-84-3
Nr 1 - 2002	Prøvefiske i samband med planlagt vassdragsregulering i Kløvtveitvassdraget og deler av Yndesdalsvassdraget i Sogn og Fjordane fylke. ISBN 82-91031-85-1.
Nr 2 - 2002	Berekraftig skogbruk i Sogn og Fjordane. ISBN-82-91031-53-3
Nr 3 - 2002	Status for eit utval artsrike enger i Sogn. ISBN-82-91031-54-1
Nr 4 - 2002	Handlingsplan for eldreomsorga i Sogn og Fjordane, 1998 – 2001. ISBN-82-91031-56-8
Nr 5 - 2002	Prøvefiske i 28 regulerede vatn i Sogn og Fjordane i 2001. ISBN 82-91031-57-6
Nr 6 - 2002	Ungfiskregistreringar i 10 regulerede elvar i Sogn og Fjordane i 2001. ISBN 82-91031-58-4
Nr 1 - 2003	Naturfaglege registreringar innanfor planlagde Ålfotbreen landskapsvernområde. ISBN 82-91031-59-2
Nr 2 - 2003	Strandsonerettleiar. Strandsona – ein felles ressurs! ISBN 82-91031-60-6
Nr 3 - 2003	Framlegg til Bleia naturreservat. Bleia-Storebotn landskapsvernområde. ISBN 82-91031-61-4
Nr 4 - 2003	Skjøtelsplan for Findabotten i Stølsheim landskapsvernområde. ISBN 82-91031-62-2
Nr 5 - 2003	Prøvefiske i 23 regulerede vatn i Sogn og Fjordane i 2002. ISBN 82-91031-63-0
Nr 6 - 2003	Ungfiskregistreringar i sju regulerede elvar i Sogn og Fjordane i 2002. ISBN 82-91031-64-9
Nr 7 - 2003	Verneframlegg for Ålfotbreen landskapsvernområde. Høyringsutkast. ISBN 82-91031-65-7
Nr 1 - 2004	Utvinding av Stølsheimen landskapsvernområde med Finden og Finnefjorden. ISBN 82-91031-66-5
Nr.2 - 2004	Prøvefiske i 18 regulerede vatn og ei elv i Sogn og Fjordane i 2003. ISBN 82-91031-67-3
Nr.3 - 2004	Ungfiskregistreringar i fire regulerede elvar i Sogn og Fjordane i 2003. ISBN 82-91031-68-1
Nr.1 - 2005	Endringer i vegetasjonen (suksesjoner) i Flostrand naturreservat, Stryn. ISBN 82-91031-70-3
Nr.2 - 2005	Forvaltningplan for Nærøyfjordområdet (framlegg) ISBN 92-91031-71-1
Nr.3 - 2005	Vern av Statskog SF sin grunn. Område i Sogn og Fjordane fylke. Utkast til verneplan. ISBN 82-91031-73-8
Nr.4 - 2005	Biologisk mangfald på Vettismorki i Utladalen – TD ikkje ferdig
Nr.5 - 2005	Prosjekt kulturlandskap og attgroing. Sluttrapport for forprosjektet februar 2004 – februar 2005. ISBN 82-91031-75-4
Nr.6 - 2005	Sjøfuglteljingar i Sogn og Fjordane i 2003 og 2004. Hekkefuglteljingar i sjøfuglreservata. ISBN 82-91031-76-2
Nr.7 - 2005	Prøvefiske i 16 regulerede vatn i Sogn og Fjordane i 2004. ISBN 82-91031-77-0
Nr.8 - 2005	Ungfiskregistreringar i ni regulerede elvar i Sogn og Fjordane i 2004. ISBN 82-91031-78-9
Nr.9 - 2005	Sluttrapport Naturbruksprosjektet. ISBN 82-91031-79-7
Nr.10-2005	Sluttrapport Det moderne klyngetun- ein buplass for fleire enn bønder. ISBN 82-91031-80-0
Nr.11-2005	Sjøfuglteljingar i Sogn og Fjordane i 2005. Hekkefuglteljingar i sjøfuglreservata. ISBN 82-91031-81-9

